



### Målskifte er klaga inn til statsforvaltaren

Fem kommunestyrerepresentantar klaga på språkskiftet ved Sauland skule i Hjartdal.

SIDE 8

### Staten bryt språklova

Berre éin firedel av nynorsk-kommunane opplever at staten skriv mest nynorsk til dei.

SIDE 13



### Klappar for Ivar Aasen

Mållagsveteran Åsmund Lien har fått elevane ved Borgafjellet barneskule til å klappe for Aasen. No held dei fram med nynorsk.

SIDE 4-5

# Norsk Tidend


medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 3  
juni 2023

## Éin skode- spelar - 28 roller

Hildegunn Eggen speler 28 roller i avskilsframsyninga *Juvikfolket*.

Side 28-29



## Ny opplæringslov: to steg fram og to tilbake

■ Fredag 2. juni vedtok Stortinget den nye opplæringslova. Her var det to store sigrar for målrørsla: No er det krav om at skriveprogram i skulen må kunne nynorsk. Førre regjering hadde i utkast til opplæringslova at skulen «så langt som råd» skulle bruke rettskrivingsprogram som kunne nynorsk. No er atterhaldet fjerna, og det er ein viktig siger. Ein har no ein lovfesta rett til å gå i eigen språkklasse også på ungdomstrinnet. Det vil vonleg få mange fleire til å halde fram med nynorsk etter barneskulen. Dette er noko nynorskverda har jobba for svært lenge.

■ Likevel er ikkje lova god nok, og viktige gjennomslag for nynorsken manglar. Nynorskorganisasjonar, Forleggerforeningen, Utdanningsforbundet og Språkrådet har ønskt at læringsressursar utvikla for bruk i opplæringa, skal få parallellitetskrav. Det vil seie at dei skal liggje føre på same tid og til same pris på begge skriftspråka. Dette kravet ville ikkje ha kosta det offentlege ei einaste krone. Likevel sa regjeringspartia nei i utdanningskomiteen, og igjen i Stortinget 2. juni.

■ Nynorskelevane har fått rett til eigne klassar på ungdomsskulen, men ein viktig rett er også tatt ut av lova: Kven som har røysterett ved spørsmål om opplæringsmål i skulen, er no flytta frå lov til forskrift. I forskrifta blir det no slått fast at departementet skal vurdere kven som har røysterett om målform i opplæringa i ein kommune. Opplæringspråket er eit spørsmål av ålmenn interesse, då målforma i opplæringa har mykje å seie for identiteten, kulturen og tradisjonen til lokalsamfunnet. Difor er ålmenn røysterett i opplæringsmål, slik ein har hatt det til no, eit viktig prinsipp.

■ Dersom det blir opp til departementet å vurdere kven som skal ha røysterett, blir målform i skulane i mykje større grad eit politisk spørsmål. Det blir i praksis regjeringa som gir instruks. Det vil mest sannsynleg bety at det vil variere frå regjering til regjering, og frå situasjon til situasjon, kven som får røyste i slike spørsmål. Å flytte røysteretten frå lov til forskrift kan potensielt vere svært skadeleg for nynorsken. Me må vere ærlege nok til å seie at folkerøystingar har vore ein brems for nynorskutdrering i fleire kommunar.

■ Alt i alt er den nye opplæringslova to skritt fram og to tilbake for nynorskelevane. For at nynorsken skal få ei reell styrking, må ein jobbe for at fleire held fram med nynorsk gjennom heile opplæringa. Målrørsla har framleis store oppgåver framfor seg.

MEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

### Utgeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Vemund Norekvål Knudsen

### I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** www.nm.no

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
smia@spraksmia.no

Då nynorskelevane trong dei, gjekk Arbeidarpartiet og Senterpartiet til Høgre og Frp for å halde nynorskkrav ute av **opplæringslova**. Mindretalsspråk er ei ulempe i skulen til kunnskapsminister til Tonje Brenna (Ap).

# Klasserommets dig

■ Samane har ikkje berre kjempa mot vindmøller denne våren. Samstundes som dei blokkerte departementsdørene har dei stanga hovudet i veggane dørene står i. Samtalar om opplæringslova braut saman, dei blei ikkje høyrte. Regjeringa seier sjølv det har blitt gjort for lite for samisk språkopplæring, men å lovfeste retten til læremiddel på samisk vil dei ikkje ha noko av.

■ Nynorskelevane har heller ikkje blitt høyrte. Verken regjeringa eller Stortinget har i alle fall høyrte godt nok etter. Med store bokstavar har vi skildra den nynorske læremiddelkrisa i digitale klasserom, men vi nådde ikkje fram.

■ Mållaget ba aldri om særrettar – sjølv om vi med språkløva i hand kunne gjort det. Vi bad berre om like vilkår for nynorskelevar og bokmålelevar. I dag har alle elevar rett til læremiddel på eige språk. Læremiddel er ikkje lenger ei trykt bok pr. fag, men eit mylder av ulike større og mindre appar, digitale plattformer og læringsressursar.

■ Når berre eit fåtal av desse finst på nynorsk, får ikkje nynorskelevane opplæringa si på språket sitt. Dei møter for lite nynorsk og får ei kvalitativt dårlegare opplæring. Eit samla språkmiljø, Utdanningsforbundet, Elevorganisasjonen, Forleggerforeningen, Språkrådet, AUF og 121 ordførarar i Noreg bad om nynorskkrav for læringsressursar som *eksplisitt* er laga for bruk i skulen.

## ■ leiarteigen




PEDER LOFNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

■ Mållaget ønskte seg fleire ting i lova, mellom anna at røystereglane for skulemålsrøystingar skal vere som i dag, og vere regulert i lovtæksten. Det skriv Vemund Norekvål Knudsen meir om i sin redaktørteig. Det var rett og slett for lite vilje i regjeringsfraksjonen til å gå skikkeleg inn i dei nynorske problemstillingane denne gongen.

■ Mållaget har jobba med den nye lova sidan Nordrum-utvalet blei sett ned i 2017 og

“ Det er eit paradoks at styresmaktene brukar lova til å tvinge internasjonale teknologigigantar til å lære seg nynorsk, men viser uvilje mot å gjere det for norske læremiddelprodusentar





Illustrasjon: Pixabay

# Digitale klasseskilje

leverte si offentlege utgreiing i 2019. I skuggen av læringsressurstapet står det att to viktige singlar for nynorsken.

## 1) Språkdelling i ungdomskulen

At retten til å tilhøyre eigne målformsgrupper blir utvida til å gjelde også ungdomsskulen er historisk, og var det vi var mest nøgde med då Solberg-regjeringa sende lova på høyring i 2021. No er det vedtatt i Stortinget. Det vil trygge språkopplæringa, og sørge for at mange nynorskelevar får møte meir nynorsk gjennom heile skuleløpet. Særleg i språkblanda område vil dette vere eit viktig tiltak for å motverke språkskifte. Kostnaden er rekna til å ligge ein stad mellom 55 og 85 millionar kroner, som må kome øyremerkt i statsbudsjetta frametter.

## 2) Absolutt krav til skriveprogram

Solberg-regjeringa la også inn eit krav om at skulen berre kan bruke skriveprogram med nynorsk stavekontroll, men med atterhaldet «så langt som råd». Desse fire orda ville i praksis slått beina under kravet, og Tonje Brenna fortener skryt for å ha plukka det bort – og gjort kravet absolutt. No blir det slutt på at elevar skal lære seg å skrive i eit program som gjev dei raude strekar under nynorske ord dei har skrive rett. Dette er ein kjempesiger for nynorsken, og gjennomslaget vårt tvingar Google og andre til å lære seg nynorsk om dei vil selje produkta sine til skulen. Om ikkje Google får på plass nynorsk stavekontroll til 2024 er det berre å kaste maskinene deira ut vindauga i norske klasserom. Då er dei ulovlege.

\*

■ Det er eit paradoks at styresmaktene brukar lova til å tvinge internasjonale teknologigigantar til å lære seg nynorsk, men viser uvilje mot å gjere det for norske læremiddelprodusentar som utnyttar smuttholet i lova for å sleppe å lage nynorskversjon av læringsressursane sine.

■ Det er på sin plass å takke alle som over fleire år har engasjert seg i spørsmålet. Mange har også gjeve gåver og kome med viktige heiarop. Det har betydd mykje når vi har arbeidd så intenst som vi har opp mot styresmaktene. Diverre nådde vi ikkje så langt denne gongen, men vi gjev oss ikkje. Det har ikkje nynorskelevane råd til.

■ Eit lite – om enn vagt – lyspunkt i komitehandsaminga av opplæringslova er at Stortinget har bede regjeringa gjennomføre ei kunnskapsinnhenting om bruken av læringsressursar i skulen og korleis det påverkar nynorskelevane. Stortinget vil «sikre at både læremidler og læringsressursar som nynorskelevar brukar, fungerer godt på deres skriftspråk». Det kan berre sikrast i lov, og Brenna må raskt hente den kunnskapen dei meiner dei treng, i tide til å sende eit lovforslag til Stortinget før den nyleg vedtekne lova trer i kraft, hausten 2024.

■ Tonje Brenna blei i april nestleiar og kronprinsesse i Arbeidarpartiet. No har Stortinget gjeve ho ein siste sjanse til å vise at ho er kunnskapsminister for heile Kongeriket.

## ■ sagt

– Draumen min? At Ivar Aasen-hotellet sluttar å skrive bokmål.  
**Runar Gudnason til Mørenytt**

«Det har hendt at jeg har lest Per Pettersson på dansk, for å slippe a-endelsene.»

**Cristin Clemet til Klassekampen**

Jeg leser også Lars Mytting og Maja Lunde og er veldig glad i Edvard Hoem. Jeg liker å lese på nynorsk, og han skriver veldig god nynorsk. *Jordmor på jorda* har jeg lest flere ganger.

**Peggy Hessen Følsvik til Klassekampen**

– Noen har påstått at det pågår en snikinnføring av nynorsk i Norge. Det er feil. Det er ikke sniking, det full fart! Se bare på de nye frimerkene i forbindelse med kronprinsparets 50-årsdager, der står det ikke Norge, men Noreg! Noreg, hvorfor er det ingen som protesterer? Jeg har høy moral, og jeg har mine prinsipper, jeg leser ikke nynorsk! Folk kan få snakke som de vil, men vi må ha ett skriftspråk!

– **Roald Mjøs i Bergensavisen**

Ingen som kjenner meg, kan beskyldte meg for å være nynorskforkjemper. Men med dette diktet treffer Aasen kjernen i nasjonalfølelsen vår med 5 sterke og forståelige vers om vårt fantastiske vakre land. Hver eneste strofe er en hyllest til landet vårt med både tekst og melodi som appellerer til allsang og forfriskende fri for kjønnsdiskriminering av noe slag.

**Hans-Olav Toft om Nordmannen i Moss Avis**

Når eg innimellom skriv på nynorsk, kjenner eg, slik berre ein romantiserande bokmåls-skrivar kan kjenne, at det er som å få tilgang på noko anna i meg sjølv, nesten ein annan i meg sjølv.

**Anne Hytta til Klassekampen**

om ein skriv på nynorsk, er det greitt å skriva lillestrøm?

**@onkel\_henrik på Twitter**

Det er jo ganske kult at austlendiane berre gjeikk all-inn då dei først oppdaga Kullbunn, og turte å stille seg det vanskelege spørsmålet: - Gutter, det klinger ikkje bedre på nynorsk da? - Kol... Botn? - Oh yeah, baby. The rest is history folks.

**@andersslake på Twitter**

Det finst framleis folk som snakkar om norsk og nynorsk, ja. Herre, gi meg styrke.

**@stikkisag på twitter**

– Ei jente kom bort og sa tusen takk for at eg hadde kome, seier **Åsmund Lien**.



# Borgafjellet barneskule klappar for Ivar Aasen

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

■ I Bjørnafjorden kommune, sør for Bergen, har nynorskde-len vakse sidan 80-talet. Slik er kommunen på strilalandet ei motkulturell suksesshistorie når det kjem til nynorsk. Norsk Tidend vitjar Borgafjellet skule medan det blir halde ein heil skuletime om Ivar Aasen for klasse 7B.

Det er den lokale Åsmund Lien som held timen.

– Responsen er utelukkande positiv frå alle hald, seier han kontant.

– Dette er den siste av ei rekkje timar eg har halde no i vår. Eg har halde for alle klassane på 4. til 7. trinn.

Borgafjellet barneskule stod ferdig i 2021, der det går elevar både frå Os skule og Hegglandsdalen skule. Sistnemnde er no lagd ned. Bjørnafjorden er den kommunen i Noreg med flest nynorskelevar. I fjor gjekk mengda nynorskelevar opp, og mengda bokmåselevar ned.

## Folk flest seier eg

Åsmund Lien er sjølv frå Hegglandsdalen og gjekk på den gamle skulen oppe i dalen. Han var også tidlegare aktiv i Noregs Mållag, der han sat i styret. Han blir av lærarar og rektor skildra som ein fyr som er kjend for fleire, og som har mange gode historier. Han har skrivne bøker om lokalhistorie.

– Kva har Ivar Aasen med ungene på Borgafjellet barneskule å gjera, spør Åsmund Lien retorisk.

– Han gjekk rundt og samla dialektar fordi han syntest det var så gale at vi skulle skriva dansk, svarar ein av elevane.

– Korleis gjorde han det?

– Han høyrde på korleis folk snakka og skreiv det ned, svarar ein annan elev.

Åsmund held fram med å ta elevane gjennom korleis Ivar Aasen arbeidde med å samla inn dialektar. Han viser forskjellane mellom dansk og moderne norsk, og historia til bokmålet får også plass i undervisinga. Deretter viser han forskjellane mellom bokmål og nynorsk, og deretter nynorsk og dialektord frå Bjørnafjorden.

– Dei aller fleste av oss seier eg, eller variantar av eg, seier Åsmund, og viser ulike personlege pronomen på norske dialektar.

– Språk er personleg, og språk er identiteten dykkar. Den må de ta godt vare på alle saman.

På spørsmål om folk synest presentasjonen var interessant, kjem det eit samstemt

«ja!» frå elevane i klasserommet.

– Eg håpar at det at eg kjem her og pratar med dei om språk og dialekt, bidreg til at dei ikkje skiftar hovudmål når dei skal byrja på ungdomsskulen, seier Åsmund Lien til Norsk Tidend etter timen.

## Førebudde elevar

Elevane på 4. til 7. trinn har jobba med eit opplegg om Ivar Aasen ei vekes tid i framkant av timane, kan Åsmund fortelja.

– Det har vore svært kjekt for meg å koma her. Dei fleste ungene er engasjerte og interesserte, og dei var godt førebudde. Det var ei jente som kom bort til meg etter den eine timen og sa tusen takk for at eg hadde kome, og at ho hadde lært mykje av opplegget. Det er overveldande respons.

– Eg vil gje honnør til Tone Haukeland Mork, som er lærar her. Det var ho som kontakta meg om å halda desse timane. Det er hennar initiativ.

Timen blir sjølvsagt avslutta med at elevane syng Nordmannen i fellesskap.

– 4. trinn song ein lokal song som også var fin, avsluttar Åsmund.

“ **Det har vore svært kjekt for meg å koma her. Dei fleste ungene er engasjerte og interesserte, og dei var godt førebudde.**

Åsmund Lien



**KONSENTRERTE:** Elevane ved Borgafjellet Barneskule følger konsentrert med på Åsmund Lien. Dei har jobba med Ivar Aasen dei siste vekene.

# Rektor: Elevane er heldige som lærer nynorsk

– Nynorsk er viktig for oss. Det er ein del av **strilidentiteten** vår.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

■ *Norsk Tidend* tek ein prat med rektor ved Borgafjellet barneskule, Gunnhild Astrup Hansen, på kontoret hennar. Ho fortel at opplegget med Åsmund Lien er eitt av fleire målretta tiltak for å styrkja nynorsken på skulen og hjå elevane.

– Vi er i ein nynorskommune, så nynorsk er viktig for oss. Det må gjerast noko, fordi vi ser at skriftspråket er vorte meir og meir utvatna hjå barna. Dei skriv ofte ei blanding av bokmål og nynorsk, dei knotar for ofte, fortel ho til *Norsk Tidend*.

– Då er vi heldige som har Åsmund Lien som kjem her for å motivera elevane. Det har vore så vellukka at til hausten skal han halda kurs for lærarane også.

– Er dette tiltak de skulle sett på andre skular også?

– Ja, eg trur dette hadde vore bra for andre skular, meir aktivt å lyfta



**KLART MÅL:** Rektor G Gunnhild Astrup Hansen fortel at skulen jobbar målretta med å styrkja nynorsken.

fram nynorsken. Vi bør også gjera noko liknande som dette igjen, svarar rektor Gunnhild Astrup Hansen.

Ho understrekar at Åsmund sjølvsagt ikkje kan ta ansvaret for det åleine.

– Både skulane og kommunane må stramma opp og gjera tiltak, elles er eg redd nynorsken vil bli vatna ut. Det gjeld også dialekten vår.

– Nynorskdelen har gått opp i

*Bjørnaffjorden kommune. Har du opplevd mykje press på foreldre som ynskjer bokmål, slik som stader på Austlandet til dømes?*

– Ja, det er nokre foreldre som ynskjer bokmål for elevane sine, særleg dei som har flytta til kommunen frå til dømes Bergen. Dette slår eg konsekvent ned på. Eg rår dei heller til å halda fram med nynorsk, fordi det er språket undervisinga vil gå føre seg på, svarar Gunnhild klårt.

– Det er også lurt å halda fram med noko unikt, seier eg. Det er fleire fordelar med nynorsk.

**Heldige som skal læra nynorsk** – Samarbeider de noko med barnehagane i kommunen?

– Eg reiser rundt kvart år til dei barnehagane som skal senda ungane på skulen her, og snakkar med dei om at dei har barn som skal bli nynorskelevar. Dei må vere medvitne om dette. Eg fortel dei også at dei er heldige som skal læra nynorsk. Eg fortel også det same til foreldra.

– Kva er dei største utfordringane for dykk som nynorskskule?

– Det er knotinga. Det er mykje bokmål rundt elevane som påverkar språket deira. Og så merkar vi at dei

er svært gode i engelsk, som også påverkar språket. Sjølv om vi konsekvent har undervisningsopplegg på nynorsk, blir dei mykje påverka utanfrå.

– Så kan det henda at den nye tunellen blir ei utfordring for oss. Då kjem det kanskje meir folk hit frå Bergen. Då blir det ekstra viktig at vi står støtt i nynorsken for å halda fast på strilidentiteten.

**Brukar berre nynorsk**

– Korleis er læremiddelsituasjonen?


– Vi har absolutt alle bøker i alle fag på nynorsk, og nyttar skolestudio frå Gyldendal, som eg forstår skal vera på nynorsk. Det sit langt inne for meg å hengja opp eller kjøpa inn noko som ikkje er på nynorsk. Alle oppslag frå skulen er på nynorsk.

– Eg opplever ikkje at nynorsk er noko som blir særleg lyft fram elles, så eg vil veldig gjerne få fram kor heldige vi er som har Tone Haukeland Mork og Åsmund som tek mykje initiativ, og brenn for dette.

– Men er det ikkje synd at det er så avhengig av slump og eldsjeler som dette?

– Jo sjølvsagt, her har vi alle ein jobb å gjera.


# Sommarbøker frå Samlaget



«Uten tvil den beste boka jeg har lest hittil i år»  
Solgunn Solli, *Altposten*



«En litterær begivenhet»  
Marius Wulfsberg, *Dagbladet*



«Ei vannvittig bok! [...] Maren Uthaug's roman er makaber, svart tankevekkende og ofte hylende morsom»  
Andreas Wiese, *Dagbladet*




*Badesommar* er dikt for både barn og voksne. Dei fortel om å vere ung og gamal, og om å vere redd og å tore – og om å symje i alt slags vatn.



«Om du ikkje blir råka av orda til Ocean Vuong, har du eit hjarte av stein»  
Anne Cathrine Straume, *NRK*



«Ein slags nordisk Elena Ferrante»  
Margunn Vikingstad, *Morgenbladet*



Agnes Ravatns *Gjestene* er endeleg å finna i mjuke permar!



«Sigmund Løvåsen skriv med full respekt for barnets evne til å forstå kva ordkunst er for noko»  
Hadle Oftedal Andersen, *Klassekampen*



«Alle som har fått med seg at Jon Fosse er en av våre viktigste forfattere, men aldri har lest ham, kan begynne her»  
Leif Bull, *Dagens Næringsliv*

– Det meste vi les utanom skulen er bokmål, så **nynorsk kjennest litt rart**, seier fire elevar ved Borgafjellet barneskule. Likevel skal dei ikkje skifta til bokmål på ungdomsskulen.



**INGEN NYNORSK:** Maia (12), Anna, (12) Simen (13) og Nicolai (12) er glade i å lesa. Dei saknar nynorskbøker i skulebiblioteket.

Foto: Vemund Norekvål Knudsen

# Borgafjellet-elevane held på nynorsken

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemund.knudsen@nm.no

■ – *Kva synest de om opplegget til Åsmund?*

– Det var kjekt! seier dei i tur og orden.

– *Kva synest de var mest interessant med timen?*

– Eg hadde ikkje høyrte om Aasmund Olavsson Vinje, som var den fyrste som brukte nynorsk, seier Anna. Eg visste heller ikkje at Bjørnafjorden var kommunen med flest nynorskelevar i Noreg.

– Det var spennande å høyra korleis dansk har utvikla seg, og korleis bokmål vart til, legg Maia til.

– Eg synest nynorsk og dialektar er spennande, korleis folk snakkar forskjellig. Det var også interessant å høyra kvifor vi har to skriftspråk i Noreg, svarar Simen.

## Dialekt og nynorsk

– *Såpass! Synest de nynorsk er vanskeleg?*

– Nokre ord er vanskelege, svarar Maia

– Eg pratar os-mål heime og bergensk når eg er ute. Eg vekslar, altså, seier Anna.

– *Opplever du at du ikkje blir forstått?*

– Jo, men eg slår over til bergensk utan at eg tenkjer over det, for det er mange andre som snak-

kar bergensk. Eg snakkar som dei rundt meg.

– *Har du døme på nokre dialektord du brukar heime som du ikkje brukar ute?*

– Ja, «kyrkjo og stovo», til dømes, dei seier ikkje det på bergensk.

– *Det liknar jo veldig på dei nynorske orda kyrkja og stova. Har de døme på ord de synest er vanskelege på nynorsk?*

– «Høyre» er rart, vi seier jo «høre». Og så er det meste vi les utanom på skulen, på bokmål. Så nynorsk kan kjennast uvant.

Dei andre nikkar stadfestande til dette.

– Og så er noko av grammatikken vanskeleg, seier både Simen og Nicolai.

Simen og Nicolai svarar at også dei les mykje på bokmål, og då vert nynorsken lite brukt utanfor skulen. På spørsmål om dei synest dei er gode i nynorsk, svarar alle fire at dei sjølv synest dei er «heilt greie i nynorsk».

## Skal ikkje byta hovudmål

– *Tyder dette at de skal byta hovudmål når de byrjar på ungdomsskulen?*

Alle fire svarar «Nei!» i kor.

– Det ser vi ingen grunn til. Det er bra å læra seg noko ikkje alle kan. Vi har så mykje bokmål rundt oss, seier alle fire.

– *Møter de negative haldningar til nynorsk?*

– Nei, ikkje i klassen, på skulen eller heime, men vi har møtt og høyrte om andre som er negative.

– Vi synest det vi lærte av Åsmund i timen i dag, er noko andre også burde læra om, seier alle samtykkande.

## Vanskelegare å vera nynorskelev

– *Korleis er det med lærebøkene og datamaskina dykkar? Er dei på nynorsk?*

– Google er ikkje det beste. Det er ikkje ordentleg på nynorsk, seier Anna og Maia.

– Det er mange ord som blir retta til bokmål. «Ein» eller «eit» får raude strekar, og «eg» blir til «jeg», får Norsk Tidend forklart av Simen og Nicolai.

– *Synest de at dette gjer skuledagen og lekser vanskeleg?*

– Det gjer det litt vanskeleg. Vi lét dei raude strekane stå, og så ser vi gjennom etterpå, er dei alle samde om.

– Øystein [læraren] har vist oss ein nettstad der vi kan sjekka om det er riktig.

– *Er det vanskeleg å bli sikker på kva som er rett nynorsk?*

– Det er litt meir vanskeleg, men det kjem vel til å sitja til slutt. Vi kan retta det manuelt sjølv. Vi har også opplevd at det korrekte

nynorske ordet kjem av og til, altså.

– Og så kan vi trykkja oss inn og ta vekk den raude streken manuelt, når det er riktig, svarar dei.

## Glade i å lese

– *De snakkar alle om at de les mykje. Har de ein favorittforfattar?*

– Amulletten-serien, seier ein. – Harry Potter sjølv sagt, svarar ein annan.

Anna seier ho helst les fakta-bøker.

*Norsk Tidend* blir med Simen, Nicolai, Maia og Anna til biblioteket for fotografering. Norsk Tidend ber dei finna ein bok dei likar til å posere til biletet med. Ingen av dei finn fram ei nynorskbok.

– *Har de nynorskbøker i skulebiblioteket? Eller ein favorittforfattar på nynorsk?*

– Vi kjenner ikkje til så mange forfattarar som skriv nynorsk, men vi har veldig lyst å lesa meir på nynorsk, svarar dei og er samde om alle saman.

– Me skulle gjerne hatt fleire nynorskbøker på biblioteket.

Det er ingen av dei fire nynorskelevane som har ein favorittforfattar på nynorsk.

– Men den førre boka eg las, var boka til Åsmund om Os-målet, den var på nynorsk, forsi-krar Anna.

Onsdag 25. april avgjorde eit **knapt fleirtal** i kommunestyret at Sauland skule skal gå over til bokmål. No har fem kommunestyrerepresentantar klaga på vedtaket.

# Språkskiftet i Hjartdal er klaga inn til statsforvaltaren

MEMUND NOREKVÅL KNUDSEN  
vemun.knudsen@nm.no

■ Etter ein lang debatt 25. april, røysta ni av representantane i Hjartdal kommunestyre for å byte frå nynorsk til bokmål, medan åtte ville halde fram med nynorsk som hovudmål. *Norsk Tidend* har tidlegare skrivne om folkerøystinga som blei halden i mars i år, der eit fleirtal på 54 prosent røysta for framleis nynorsk ved Sauland skule. Ordførar Bengt Halvard Odden (Ap) røysta sjølv for bokmål.

## Finn fleire manglar

Hjartdal Mållag har klaga på vedtaket, og den er signert fem av 17 kommunestyrepolitikarar. Klagen er sendt til Hjartdal kommune. *Norsk Tidend* har fått sjå klagebrevet.

I klagen blir det peika på fire manglar i prosessen. Under-teiknarane av klagen meiner avgjerda om målbyte ikkje blei tatt på riktig grunnlag, og vil ha vedtaket oppheva og ny røysting i kommunestyret.

Dei fire manglane det blir peika på i klagen, er:

- Mangelfull kartlegging av ynske om målform blant elevar og foreldre
- Mangel på informasjon og openheit i samband med kartleggingane
- Villeiande framstilling av faktisk målform

■ Vektlegging av einskilde elevgrupper

## Heile bygda er ikkje blitt inkludert

Ei undersøking i regi av FAU på skulen tidlegare i år viste at 85 prosent av foreldra og 77 prosent av elevane ønskte å byte ut nynorsken. Fleire elevar har valt å byte til bokmål då dei byrja på ungdomsskulen, ifølgje NRK.

Det første punktet i klagebrevet peikar på at det berre er elevar og foreldre ved Sauland skule som blei spurde. Elevar og foreldre frå Hjartdal og Tuddal, som skal gå på Sauland skule seinare, er ikkje blitt høyrde. I klagebrevet meiner dei også at det ikkje er blitt gitt nokon rettleiande informasjon, invitert til ope møte eller diskusjon, og at det var korte svarfristar.

«Proessen var på ingen måte open i framkant av undersøkingane det seinare er lagt mest vekt på - både i saksutgreiing og vedtak.» konkluderer dei i brevet.

– Stor overvekt av bokmåls-elevar?

– Det er ei stor overvekt av elevar ved skulen som har søkt om og fått innvilga undervising på bokmål. Det vi gjer no, er eigentleg å tilpasse hovudregelen for opplæring i tråd med det elevane faktisk har hatt, kommenterte ordførar Bengt Harald Odden til NRK.

Sitatet til ordførar Odden viser til at ein har rett på å få bøker på det skriftspråket ein ynskjer. Det er altså fleire elevar ved Sauland skule som har undervising på nynorsk, men likevel har bøker på bokmål, etter ynske frå foreldra.

Men skildringa av røynda Odden presenterer, er ikkje klageane samde i:

«I tabellane i saksutgreiinga er det ikkje skilt mellom faktisk målform og elevar som berre er blitt skaffa bøker på bokmål i andre fag enn norsk. Dette er villeande. Fakta er at alle elevane på barneskulen i Sauland framleis har nynorsk som hovudmål i 2022/2023» står det i klagen frå Hjartdal Mållag.

Det er snakk om 63 % av elevane som har fått innvilga bøker i andre fag enn norsk på bokmål, ifølgje tal frå rektor ved Sauland skule.

## Ynskjer ny røysting

I klagebrevet er det understreka at det ikkje er nok elevar i nokon av klassane ved Sauland skule til at dei har krav på eigen klasse. Dei legg også vekt på at auken i foreldre som ynskjer bokmålsbøker, berre er frå dei siste par åra,

og at det er for tidleg å slå fast nokon særleg trend.

«Dersom saka skal handsamast på nytt, må det gjerast på ein måte som gjer at alle saka vedkjem blir høyrte og tel med i faktagrunnlaget.» konkluderer dei underteikna i klagebrevet.

Norsk Tidend har sjekka påstandane i klagebrevet opp mot GSI-tala (Grunnskulens informasjonssystem), som er dei offisielle tala for grunnskulane. Dei er riktige.

Kva som blir konsekvensane av klagen, vil tida vise.







**STILLER KRAV:** Me kan ikkje overlata språkteknologi til internasjonale aktørar. Noreg må vere med og bestemme og stille krav om at me skal ha slike tenester på norsk og på begge målformer, seier direktør i Språkrådet, Åse Wetås.

Foto: Mariam Butt / NTB / NPK

# Språkrådet vil innføre bot for brot på språklova

Språkrådet vil innføre bot for høgskular, universitet og andre i kunnskapssektoren som ikkje følgjer **kravet om å veksle** mellom bokmål og nynorsk.

■ Språkrådet førte tilsyn med 31 verksemdar i 2022. Ingen av dei tilfredsstilte det lovpålagde kravet om å veksle mellom bokmål og nynorsk, skriv Khrono.

Blant desse er alle universitet og høgskular, og dessutan ei rekkje forvaltingsorgan som til dømes Forskingsrå-

det. I dei fleste tilfelle blir nynorsk marginalisert. Fleire av dei største forskings- og utdanningsinstitusjonane er framleis langt unna å nå det lovpålagde kravet om å bruke minst 25 prosent nynorsk.

Språklova vart innført 1. januar 2022, men har ikkje ført til endring, meiner direktør Åse Wetås i Språkrådet.

– Vi synest det er sørgeleg at ein stat må sanksjonere mot seg sjølv. Lova i seg sjølv burde vere eit kraftig nok verkemiddel. Men vi ser ikkje at den nye språklova har ført til positiv endring. Dette handlar om meir enn at insti-

tusjonane lèt vere å bruke nynorsk. Dei gjer det vanskelegare å halde på hovudmålsetjinga i den norske språkpolitikken om at norsk skal vere samfunnsberande språk, i og med at nynorsk er ein del av det norske språket, seier ho.

Språkrådet ber no om eit møte med Kunnskapsdepartementet for å «drøfte korleis det kan bli slutt på dei systematiske brota på språklova i denne sektoren».

I tillegg meiner Språkrådet at straffetiltak må vurderast, til dømes dagbøter.

NPK

## Million-glede i Nynorsk kultursentrum

■ Nynorsk kultursentrum får til saman tre millionar i inngongstilskot i revidert nasjonalbudsjett. – Dette er svært, seier konstituert direktør Gaute Øvereng.

Nynorsk kultursentrum får to millionar kroner til prosjektet «Nynorsk som nasjonalt skriftspråk». I samarbeid med Landssamanslutninga for nynorsk kommunar (LNK) og Nasjonalt senter for nynorsk

i opplæringa skal Nynorsk kultursentrum fremje nynorsk over heile landet med særskilt fokus på randsonene rundt kjerneområda for skriftspråket, skriv dei i ei pressemelding.

– Dette er godt nytt, og det viser at regjeringa forstår at det hastar med tiltak for å styrkje nynorsken i randsonene, og då spesielt tiltak retta mot nynorskelevane. Vi er

glade for at desse pengane gjer det mogleg å setje i gang det viktige arbeidet med å betre vilkåra for å gi nynorskelevane ei god opplæring i språket sitt, seier leiar ved Nynorsksenteret, Synnøve Marie Sætre og dagleg leiar i LNK, Svein Olav B. Langåker.

I tillegg får Nynorsk kultursentrum ein million til Vinjesenteret i Vinje.

NPK

## ■ kringkastingsringen



JÓGVAN HELGE GARDAR  
Leiar i kringkastingsringen

## Framleis kamp om dialektane

■ Eit nytt styre er på plass i Kringkastingsringen etter årsmøtet i februar. Me takkar dermed av det sitjande styret og dagleg leiar Kjartan Helleve. Takk! Dei som skal drive organisasjonen framover, er Elise Kvien, Hannah Kolås og Olav Wixøe Sveta, med Jógvan Helge Gardar som styreleiar. Nytt er at organisasjonen ikkje lenger kjem til å ha ein dagleg leiar, men heller leiast av styret. Det vil føre til noko lågare aktivitet i det daglege, men elles vil det meste vere som det plar, og neste Kringom kjem som vanleg ut før sumaren.

■ Det nye styret vil likevel satse meir på fellesskap mellom nynorskbrukande journalistar. Framover vil me derfor invitere til treff i Oslo, mest av alt for å skape ein møteplass og eit forum for drøfting av utfordringane som møter målfolk i pressa. Ein ting er dei sakene som kjem fram og som vert diskuterte i media. Ein annan er dei som oppstår på arbeidsplassen og i møte med publikum, som nynorskbrukar i det daglege. Dei siste kan vere vanskeleg å få auge på for oss som står utanfor.

■ Det skortar likevel ikkje på saker som boblar til overflata. Nyleg var det Christian Borch som resirkulerte haldningar til dei norske dialektane ein kunne vonne me snart var ferdige med. NRK har vore seige, men har trass alt opna meir og meir for det norske dialektmangfaldet. Når tungvektarar som Borch og Hans Wilhelm Steinfeld tek til orde for å senke takhøgda att, er det naturleg nok for å konsentrere den offentlege språkbruken om eit bokmålsnært standardspråk. At dei ser det som naudsynt å ta opp att kampen, kan vel samstundes tyde på at dei vedgår at dei er i ferd med å tape, noko språksjefen i NRK straks kunne bekrefte.

■ Denne saka var eit keitete utspel som raskt vart avfeia frå mange hald, men det tyder ikkje at det ikkje er nok av utfordringar å ta tak i. Om du har innspel til saker det nye styret lyt følgje opp, kan du sende dei inn til [post@kringkastingsringen.no](mailto:post@kringkastingsringen.no).

Nynorskdagen er blitt ein fast merkedag for å feire nynorsken. 12. mai er dagen for **det historiske jamstillingsvedtaket** i 1885, då Stortinget vedtok å likestille nynorsk med bokmål.

# Mange ville feire Nynorskdagen 2023!

HEGE LOTHE  
hege.lothe@nm.no

■ Målet til Noregs Mållag og Norsk Målungdom er å få fleire til å prøve nynorsk. Nynorsk er eit nasjonalt språk for alle. Me utfordrar heile Noreg til å skrive nynorsk, og i år tok Noreg utfordringa!

– Folk får sjå kor enkelt og ufarleg det er å skrive nynorsk, og folk får møte litt meir nynorsk i sine bokmålsdominerte kvardagar. Det er fantastisk!, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.



Røde Kors Noreg, Telenor, Rema 1000 og Vy var blant dei som brukte nynorsk, og som ikkje gjer det like ofte.

Om lag 40 av lokallaga våre stod på stand og delte ut flygeblad, bakte kake, verva medlemmer eller gjorde andre kjekke ting.

Me fekk tilbakemeldingar frå medlemmer som flagga, las dikt eller skreiv handlelista på nynorsk. Mange delte også oppmodinga vår med å understreke at for dei er alle 365 dagar i året ein nynorskdag.

Bibliotek og skular var flinke til å bruke dagen til ordleikar og å vise fram nynorsk litteratur. Det er flott å sjå at dagen kan bli brukt til å auke merksemda om språket i skulen.

Skriv opp datoen i kalenderen, for nynorskdagen er komen for å bli!



**VERVA:** Varanger Mållag hadde stand og verva nye medlemmer.

## Deler ut nynorsk-bøker

– Me vil gjerne gjera dei yngste kjent med nynorske bøker, og oppmuntra dei til å lesa god litteratur heilt frå dei er små.

Det seier **Hege Kristin Brekke** i **Alversund Mållag**. Ho står med famnen full av fint innpakka bøker. Bøker som no skal delast ut til barnehagar og nynorsk-klassar på barneskulane i mållaget sitt område.

– Det er tradisjon etter kvart, me har kunna dela ut bøker dei fleste år sidan 1980-talet. Ein fin måte å bruka mållaget sine pengar på, seier Brekke.

Mykje av pengane skriv seg frå den årvisse «Håtta du»-kvelden, der folk som stort sett er godt over barnehage- og skulealder, syng seg gjennom Lars Sørås si klassiske «Songboka».

– Det er veldig kjekt å kunna gjera dette, og me har inntrykk av at skular og barnehagar set pris på den vesle årvisse gåva, seier Hege Kristin Brekke.

Skulemål og nynorskbruk hjå dei yngste er eit prioritert område for Alversund Mållag. For ikkje lenge sidan skipa mållaget til eit eige seminar for tilsette i skule og barnehage om nynorsk barnelitteratur.

– Dei bøkene me deler ut i år, trur eg vil gleda både vaksne og born. Forfattarane har fått litteraturprisar for bøkene. Eg håpar dei vert grundig lesne og mykje brukt, seier Hege Kristin Brekke.



**GÅVMILD:** Hege Kristin Brekke er nestleiar i Alversund Mållag

Foto: Alversund Mållag

## Harry B. Solberg får fortjenestemedalje:

**Harry Birger Solberg** har i over 60 år vore ei verdsett og engasjert eldsjel innan friidrett, målarbeid og lokalhistorie, og for dette arbeidet fekk han Kongens fortjenestemedalje fredag 28.04.23.

Han har vore medlem i styret i Odda Mållag sidan 1967, bortsett frå nokre få år då han var lærar i Kinsarvik.

I 20 år var han leiar i Odda Mållag, og han har vore drivkrafta attom det lokalhistoriske skriftet Odda i manns minne. Til hausten kjem 32. utgåva ut. Harry har teke mot utmerkingar tidlegare. I 1996 fekk han Målprisen og i 2002 fekk han Kulturprisen i Odda. Vidare er han heidersmedlem i Odda Mållag og heidersmedlem i Odda Idrettslag.

Me gratulerer Harry Solberg med ein høgst fortent pris!

## Målpris i Hå

Hå Mållag har tatt opp igjen tradisjonen med å dela ut ein målpris. Målprisen til Hå Mållag går til gode nynorsk- eller dialektbrukarar. I år var styret i Hå Mållag samrøystes om å gi prisen til **Nærbørevyen** og **Nærbø Musikkorps**.

– Nærbørevyen har alltid vore flinke til å nytta gode jærseke ord og uttrykk i revyane sine. Det er ein kunst å gjera dette på ein god måte slik at tilhøyrarane ler av dialekten - utan å latterleggjere den - og på ein slik måte at tilhøyrarane blir stolte av dialekten sin, seier Arne Reidar Hæå, leiar i Hå Mållag

Prisen vart delt ut på øvinga til Nærbø Musikkorps denne veka. Som premie får dei eit diplom og ein gåvesjekk på 5000 kroner med støtte frå Sparebanken Vest.

– Revyen dette året hadde eit par nummer som burde gå rett inn i læreboka over god og morosam dialektbruk, seier leiaren i Hå Mållag.

## Takka av i styret

Etter 25 år i styret til Bygland Mållag blei **Inge Tone Homme** takka av på årsmøtet av Sigrud Greibrokk. Me takkar Inger Tone for innsatsen!

## Heiderspris i Rogaland

**Odd Sigmund Sunnanå** fekk heidersprisen til Rogaland Mållag 22. mai.

Odd Sigmund har vist og viser mot til å meina og ser aldri ut til å tapa av syne at engasjement,



**ENGASJERT:** Odd Sigmund Sunnanå er heidra av Rogaland Mållag.

Foto: Alversund Mållag

tankens fridom og klare, faglege ytring skal ta sitt offentlege rom. I heile livsverket sitt har prisvinnaren uttrykt seg med ei tydeleg forankring i det nynorske skriftspråket, og aldri har han tapt denne språklege arven av syne.

Odd Sigmund har vore ein sentral påverkar og utviklar av grunnutdanninga og lærarutdanninga både lokalt og nasjonalt. Eit langt og aktivt virke blei markert med Kongens fortjenestemedalje 8. april 2002.

Han står bak ei rekkje publikasjonar både før og etter pensjonsalder. Prisvinnaren kan trekkja lange historiske linjer, og samtidig har han det skarpe blikket retta mot notida og framtida, noko til dømes innlegget publisert i universitetsavisa Khrono i august 2022 vitnar om. Der viser han til Danmark og Frihedsforsøget og listar opp fleire tiltak som kan forbetra rekrutteringa til lærarutdanninga i Noreg.

Me gratulerer Odd Sigmund Sunnanå med prisen, og takkar for engasjementet!

## Målpris og jubileum

Laurdag 3. juni feira **Numedal mållag** hundre-årsjubileum med gudsteneste og fest i Rollag. Gunhild Torsrud og Gunhild Aasen las opp

ein innholdsrik og høgtideleg prolog om den hundre år gamle historia til laget. Noringen **Lars-Erik Jacobsen** fekk målprisen for 2023 av Buskerud mållag. Som lærar har han vore ein talsmann for nynorsk og dialekt. Som privatmann bur han nærast i eit eige museum der han har samla inn både hus og gjenstandar frå det gamle bondesamfunnet. Me gratulerer jubilaranten og målprismottakaren!

## Målpris til Ole. E Øverland

**Ole E. Øverland** på Storlandet fekk Målprisen 2022 frå Nordmøre Mållag. Prisen fekk han fordi han har brukt ein lett og naturleg nynorsk i alle år, både i arbeidslivet, som polititar og på fritida. Han har hatt ein lang og innholdsrik karriere innanfor politikk og offentlege verv, mellom anna som lokalpolititar og ordførar i Gjemnes, og som fylkespolititar og fylkesordførar.

I 2008 vart han tildelt Kongens fortjenestemedalje i gull for sin store samfunns gagnlege innsats. Han deltek framleis i debatten om aktuelle saker – på nynorsk, naturlegvis – og har skrive m.a. i Gjemnesminne og Du mitt Nordmøre om lokalhistoriske saker.

I tillegg til blomster og fine ord, fekk han ein diplom frå Nordmøre Mållag og eit keramikkfat som er dekorert av Sigrun Hesjehagen i Halså. Nordmøre Mållag er glad for å kunne gje Målprisen til Ole E. Øverland, ein kunnskapsrik, reflektert, sakleg og arbeidsam person. Vi gratulerer!

## Målpris til Lega

Onsdag 24. mai fekk Lega Ost og Bakst pris av Vinje mållag for god nynorsk marknadsføring.

## Målpris til Brakanes Hotell

Tidleg på 2010-talet heldt **Ingrid Prestegard** ein forsvarstale for nynorsk overfor leiinga på **Brakanes Hotel**. Som hotelldirektør har ho halde språktrykket oppe. No har hotellet fått målpris av Ulvik mållag.

Brakanes Hotel har bestemt at hotellet skal bruka nynorsk i sin kommunikasjon ut mot publikum. Oppslag på hotellet er på nynorsk og engelsk. – Det er viktig at nynorsk vert nytta av verksemdar, og Brakanes Hotel er gode på det både i brosjyrar og på nettet. Dei har også gjeve den nyoppussa restauranten sin namnet Draumen, noko me tykkjer er eit godt namn, seier Caroline Lehmann i Ulvik Mållag.

På ein nydeleg vårdag med sol og blå himmel, reiste **Hordaland Mållag** til Glesvær for å vitja Spildepollen skule.

# Litteraturveka på Spildepollen skule

SAHRA TORSVIK  
sahra.torsvik@maallag.no

■ Elisabeth Lie er bibliotekar på Spildepollen skule, og ho fortel at nynorskdagen inspirerte henne og førte fram til ideen om litteraturveka. Nynorskdagen vart ei fin avslutning på ei heil veke dedikert til litteratur og språk. Desse dagane har elevane jobba med ulike tema slik som teater, forfattarrom, teikneserie, dialektord, ordleik og mykje anna. Spildepollen skule ligg sør i Øygarden kommune, og skulen har ca. 220 elevar frå 1. til 7. trinn.

## Høgdepunkt

Eit av høgdepunkta denne veka var då forfattar Ruth Lillegraven kom på vitjing og bokbad. Ruth er kjend for barnebøkene i Klodeklubben serien, men ho har også skrive bøker og dikt for vaksne. Carmen og Mathilde er elevar på 5. trinn på Spildepollen skule, og dei hadde laga klar mange gode spørsmål til forfattaren. Jentene hadde gledd seg, og førebudd seg godt til forfattarbesøket.

Vanlegvis er dette noko Ruth tilbyr 3. og 4. trinn, men her var det altså heile skulen på om lag 220 elevar som var publikum. Spørsmåla til forfattaren handla om alt frå favorittmat til favorittbok, og korleis det er å vera forfattar.

Det var ganske stille i auditoriet då Ruth las frå bøkene sine til borna, så stille det kan bli når så mange born i alderen 6 til 13 år er samla. Ruth las både dikt og utdrag frå Klodeklubben-bøkene til stor begeistring frå elevane.

Ruth har vitja 17 skular i Øygarden kommune gjennom DKS systemet denne veka, og det er tydeleg at bøkene hennar er svært populære hjå borna, kanskje særleg fordi dei tek opp aktuelle tema som miljøvern og venskap. Ruth kunne fortelja at ho fekk god mottaking på alle skulane, og at det hadde vore kjekt å få vitja Øygarden kommune.

## Feira nynorskdagen

Fredag var det avslutning på litteraturveka på Spildepollen skule, og nynorskdagen vart feira. Alle borna vart delte inn i fem grupper, der elevane vart blanda



**DIALEKT:** Dialektstasjonen engasjerte elevane, sjølv om ikkje alle visste kva «svera» betyr.

Borna var svært engasjerte og hadde mykje kunnskap om både litteratur og språk, og kvifor me feirar nynorskdagen. Elevane var særst begeistra for stasjonen med dialektord. Denne stasjonen var ute, og ord frå striladialekta var spreidde over eit stort område. Elevane måtte ikkje berre gissa på orda, men dei måtte også finna orda på skuleplassen. Det var ikkje alle elevane som visste kva ord som *tølma*, eller *svera* tydde for noko, men dei var ivrige i å diskutera seg fram til kva det kunne bety.

Dialektord er også noko skulen vil satsa meir på framover, seier bibliotekar Elisabeth. Ho er bekymra for at striladialekta forsvinn gradvis frå talemålet til dei unge, og det ynskjer ho å gjera noko med.

## Suksess

På pauserommet til lærarane gjekk praten om språk og dialekt, og alle var samde i at denne veka hadde hatt positiv effekt på elevane. Målet var å engasjera og inkludera elevane, og skapa språkglede og interesse for både litteratur og mangfaldet i det nynorske språket. I tillegg til å bli stolt over, og glad i eiga dialekt. Litteraturveka har vore ein suksess på Spildepollen skule, og kjem til å bli ein årleg tradisjon. Kanskje kan dei inspirera andre skular til å prøva seg på noko liknande?



**FORFATTARBESEK:** Lærar Svein Jarle Eide, Mathilde Hjelle Hansen og Carmen Isabella Olsen frå 5. trinn. Forfattar Ruth Lillegraven til høgre.

saman frå alle dei sju ulike trinna på skulen. I løpet av dagen fekk alle ein tur innom dei fem stasjonane, og Hordaland Mållag fekk

vera med. Me fekk både snakka med borna og sett alt det kreative dei hadde jobba med i løpet av veka.

Berre éin firedel av nynorskkommunane opplever at staten skriv mest nynorsk til dei. Den nye språklova har førebels **ikkje gjort noko positivt utslag for nynorsken**, og det reagerer både statsråd Sigbjørn Gjelsvik og mållagsleiar Peder Lofnes Hauge sterkt på.

# Staten bryt språklova

JANI FARDAL  
NPK

■ Funna i den ferske undersøkinga som er gjennomført av Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Nynorsk kultursentrum, vart kjende under landstinget for LNK i Sogndal.

Språklova set krav til at staten skal kommunisera med nynorskkommunane på nynorsk. Men ifølgje denne undersøkinga opplever dei færraste kommunane at statlege organ følgjer språklova slik dei skal.

## Berre tre av 58

Språklova gjeld frå 1. januar 2022, og har avløyst mållova. Berre tre av dei 58 nynorskkommunane som svara i denne undersøkinga, svarar at statlege organ har blitt flinkare til å skriva nynorsk etter at språklova tok til å gjelda.

– Dette er svært alvorlege tal. Me veit at nokre statlege organ jobbar godt med å følgja språklova, men dessverre er det altfor mange som sviktar med å halda seg til norsk lov. Me oppmodar kommunane til å krevja at statsorgana kommuniserer med dei på nynorsk og gi beskjed når dei ikkje følgjer språklova. Dette er ein rett som følgjer av språklova, seier dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Svein Olav B. Langåker.

## Statsråd reagerer

– Dette er skremmande dårlege tal, seier kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik til NPK etter å ha helsa landstinget med det som nærmast kan karakteriserast som ei kjærleikserklæring til nynorsken. Og Gjelsviks departement er ikkje den store syndaren i denne samanhengen – mykje fordi statsråden frå Naustdal brukar nynorsk i så å seia all skriftleg kommunikasjon.

– Men dersom tala i denne undersøkinga stemmer, er det ikkje tvil om at me må bli endå flinkare til å påverka alle til å følgja språklova og bruka nynorsk i alle samanhengar der dette er naturleg, seier Gjelsvik. Han vil gjerne sjå nærare på funna i denne



Dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Svein Olav B. Langåker. Foto: Jan Inge Fardal / NPK



Kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik under landstinget for LNK i Sogndal. Foto: Jan Inge Fardal / NPK

undersøkinga og er innstilt på å bidra der han kan, for å styrkja nynorsken sin posisjon.

## Overraska

Leiaren i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, er òg svært negativt overraska over funna i undersøkinga og konstaterer at ei språklov i seg sjølv tydelegvis ikkje er tilstrekkeleg for å betra stoda for nynorsken.

– Alle me som er opptekne av nynorsk, må jobba kvar einaste dag og på dei måtene

me kan for å betra stoda for nynorsken, og så må sjølv sagt statlege og fylkeskommunale organ ta seg i nakken og faktisk følgja lova, seier Lofnes Hauge.

I helsinga si til landstinget sa kommunalminister Gjelsvik at han har sett positive utviklingstrekk den siste tida, men han peika også på at kommunereforma kan vera ei utfordring for nynorsken.

– Når fleire kommunar skal slåast saman til éin og det skal veljast målform, er det liten tvil om at nynorsken kan bli råka, sa Gjelsvik, som presiserte at det ikkje er einaste grunnen til at han er mot kommunesamanslåingar.

## Ein milepåle

Statsråden løfta òg fram den nye opplæringslova som eit viktig steg i rett retning og karakteriserte det som ein viktig milepåle at alle elevar i ungdomsskulen no har rett på opplæring i nynorsk. Han hadde elles merka seg debatten om mangel på læringsressursar for nynorskelevane og konstatererte at sjølv om dette er noko ein må leva med inntil

vidare, er ikkje denne saka ferdig debattert.

– Både i Ap og Sp er det eit heilt klart mål at det skal leggjast til rette for både bokmål og nynorsk i alle samanhengar, sa Gjelsvik.

## Fleire funn i undersøkinga

I den nye språklova er det nye krav også til fylkeskommunane. I dokument som er retta mot ein kommune eller ein fylkeskommune som har gjort språkvedtak, skal statsorgan og fylkeskommunar bruka det vedtekne skriftspråket. Men berre ni av 58 nynorskkommunar opplever at fylkeskommunen og fylkeskommunale einingar kommuniserer med dei berre på nynorsk. 24 nynorskkommunar får mest nynorsk frå fylkeskommunen, medan 14 nynorskkommunar får mest bokmål frå fylkeskommunen sin.

Undersøkinga til LNK og Nynorsk kultursentrum er sendt ut til over 100 kommunar i nynorskområde. Blant dei 73 kommunane som svara, er det 15 språknøytrale kommunar.



Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) taler under Arbeidarpartiet sitt landsmøte i Oslo Kongressenter.

Foto: Heiko Junge / NTB / NPK

## Fleire bøker inn i klasseromma

■ Skulane satsa tungt på digitale løysingar under pandemien. No vil kunnskapsministeren at elevane skal få meir tid med bøker og fleire pausar frå det digitale.

– Under pandemiåra brukte mange skular mest pengar på digitale læremiddel og mindre på bøker. Vi veit også at norske barn les stadig mindre og bruker stadig meir tid på skjerm. Derfor ønskjer regjeringa å gi 115 millionar kroner til skulebøker i grunnskulen. Det kan gi barna meir tid med bøker og gi digitale pausar, seier kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) i ei pressemelding.

Tilskotet skal til dømes kunne dekkje éi ekstra bok til kvar elev på alle barneskular i landet, heiter det i pressemeldinga.

Førre månad sette regjeringa ned eit utval som skal samanfatte kunnskapsgrunnlaget og føreslå tiltak knytte til skjermbruken til barn og unge. Utvalet vil mellom anna sjå på søvn, psykisk helse og læringsutfordringar.

NPK

### Vidar Eidhammer får mediemålpris

Vidar Eidhammer frå Vindafjord i Rogaland er journalist i NRK og får tildelt Alf Helleviks mediemålpris for 2022.

– Prisivinnaren har nærast blitt eit nynorsk varemerke, ein dagleg nynorsk-garantist i NRKs nyheitsendingar på radio, står det i omtalen frå juryen.

Prisen er på 25.000 kroner og har blitt delt ut sidan 1998. Han blir tildelt yngre, faste nynorsk-brukarar i TV og radio, som legg vekt på å dyrke eit normalisert, nynorsk talemål.

NPK



# Norske tiåringar ifølgje ny intern

Leserresultata blant tiåringar er svakare i nesten alle land sidan 2016, og **leseglæda er lågast** blant norske tiåringar, viser ny undersøking.

■ – Det er ikkje bra at leseferdigheitene blant barna går ned, og det bekymrar meg. God leseforståing er viktig for skulegangen til elevane og vidare utvikling. Denne negative utviklinga skal vi snu, seier kunnskapsmi-

nister Tonje Brenna (Ap).

Den internasjonale undersøkinga PIRLS har kartlagt leseferdigheitene til 10-åringar i 65 land. I Noreg vart undersøkinga gjennomført våren 2021.

Leserresultata frå undersøkinga viser at norske 10-åringar ligg godt over det internasjonale gjennomsnittet. Dei norske elevane les på same nivå som dei danske, men litt svakare enn elevane i Finland og Sverige.

Det er 10-åringane i Singapore som har høgast gjennom-

snittskår. Like bak følgjer Irland og Hongkong.

### Svakare resultat i nesten alle land

Sjølv om 10-åringane i Noreg ligg over det internasjonale gjennomsnittet, er resultata svakare i nesten alle land sidan den førre undersøkinga i 2016. I tillegg har Noreg hatt størst nedgang av dei nordiske landa.

– Dette er alvorleg. Lesing er den viktigaste byggjesteinen



**LES FOR LITE:** Leseresultatene blant 10-åringar er svakare i nesten alle land sidan 2016, og leseglede er lågast blant norske 10-åringar, viser ny undersøking.

Illustrasjonsfoto: Gorm Kallestad / NTB / NPK

# ... har lågast leseglede, nasjonal undersøking

i opplæringa, og manglar du grunnleggjande leseferdigheiter, blir det vanskeleg å lære i alle fag, seier direktør Morten Rosenkvist i Utdanningsdirektoratet.

Norske 10-åringar rapporterer også om lågast leseglede av alle land i undersøkinga. Berre 13 prosent seier dei likar godt å lese, medan det internasjonale gjennomsnittet ligg på 42 prosent. Undersøkinga viser også at færre elevar las på fritida i 2021 enn i 2016.

## Andelen svake lesarar har auka

Professor ved Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger, Åse Kari Hansen Wagner, er prosjektleiar for PIRLS 2021. Ho er særleg bekymra for at andelen svake lesarar har auka betrakteleg i Noreg. Ho siktar til at 19 prosent av dei norske femteklassingane presenterer på lågaste meistringsnivå eller under.

– Desse elevane vil ha problem med å lese ein aldersade-

kvat tekst frå byrjing til slutt og forstå innhaldet. Det er også oppsiktsvekkjande at det i 2021 er færre elevar som presterer på høgt og avansert meistringsnivå enn i 2016. Då var 58 prosent av elevane på høgaste meistringsnivå, no gjeld dette 48 prosent, seier Hansen Wagner i ei pressemelding.

## Kan ha samanheng med pandemien

Forskarane bak undersøkinga går ut frå at nedgangen i lese-

resultat i stort sett alle land kan ha samanheng med at han vart gjennomført under pandemien.

– Barna bruker stadig meir tid på skjerm både på skulen og heime og mindre tid på papirbøker. Skal vi styrke lesinga, må vi tenke meir heilskapleg. Regjeringa er allereie i gang med fleire grep. Mellom anna har vi gitt meir pengar til skulebibliotek, og vi vil gi meir pengar til skulebøker, seier kunnskapsministeren.

# Mållaget tek ikkje debatten

■ Hallvard Hegna har eit interessant innlegg om «Infinitiv i nynorsk» i Norsk Tidend nr. 1, 2023. Eg vil utvida det til også å gjelda me/vi og skule/skole.

Eg kjem frå Osterøy i Hordaland, og nynorsken min har grunnlag i dialekten her med a-infinitiv, me og skule. For meg er desse formene sjølve berebjelken i skriftspråket mitt.

## ■ lesarbrev

Desse tre målmerka er dominerande på Vestlandet. Difor har eg reagert på nynorsken til nokre av dei sentrale institusjonane, t.d. Helse Bergen, Vestland

fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet. Det er sjølvstapt positivt at dei har nynorsk som hovudspråk, men eg skulle gjerne sett at dei brukte nynorsk med grunnlag i det allmenne talespråket.

Denne dominerande bruken av «feile» former ved desse institusjonane har store konsekvensar for all bruk av

nynorsk på Vestlandet.

Eg har teke dette spørsmålet opp både i Noregs Mållag og i Hordaland Mållag utan at det har vekt særleg interesse. Dette har overraska meg, for di eg veit at mange på Vestlandet er opptekne av denne saka. Kva meiner Noregs Mållag? Vil mållaget ta debatten?

Nils Mæhle

Dei siste 30 åra har **Det Norske Teatret** mista nær ein million i året. Vi kan ikkje sitte stille og berre tilpasse oss kutt i løyvingane. Norsk språk og norsk kultur taper terreng i eit stadig meir globalisert underhaldningstilbod.

Staten bør følgje opp si eiga språklov med å likestille Det Norske Teatret med Nationaltheatret.

Derfor lanserer vi kampanjen «Tett gapet» slik at løyvinga til begge dei nasjonale teatera i hovudstaden kjem på same nivå. Det er naudsynt om teateret skal kunne halde på den posisjonen det har erobra. Les meir her:

<https://www.detnorsketeatret.no/tett-gapet>



TETT  
GAPET

- Støtt nynorsken!  
Støtt Det Norske Teatret.



# Gaming-journalist får nynorskpris

**Øystein Furevik** frå Førde i Sunnfjord som jobbar i *gamer.no*, er årets vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar.

■ Frå juryen heiter det at Furevik sidan har 2002 skrive vel 1.900 meldingar og artiklar for nettstaden *gamer.no*, der tekstane både er grundige, lettlesne og fulle av humor. I grunngevinga blir det først og fremst trekt fram standhaftig bruk av nynorsk i ei verd der det meste føregår på engelsk.

– I over 20 år har Furevik drive journalistisk nybrottsarbeid på eit område der det er lite norsk og minimalt med nynorsk. Det at Furevik er godt synleg i det viktigaste norskspråklege organet for ein stor og viktig kulturarena, er umåteleg verdifullt for nynorsken, skriv juryen.

Sjølv vart han svært overraska over pristildelinga.

– Det var dagens sjokk, eg skjønnte det ikkje heilt først. Dette er ei anerkjenning eg blir heilt rørt av. Eg er kjempestolt. Det er verkeleg stort for meg, seier Furevik.

Prisvinnaren seier han har fått mange reaksjonar for bruken av språket sitt. Særleg i starten fekk han mykje hets frå lesarane for å bruke nynorsk i tekstane sine.

– Lesarane var langt meir opptekne av at sakene var på nynorsk enn kva som stod i dei. Det gjekk så langt at ein av dei starta ei avstemming på eit nettforum. Heldigvis gjekk resultatet i min favør med god margin. Men det er klart eg har fått mykje tyn, både på nettforum og på e-post.

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar er på 75.000 kroner og eit kunstverk. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk, og som er eit føredøme for andre. Tidlegare vinnarar er mellom anna Linda Eide, Arill Riise, Harald Thingnes og Ronny Brede Aase.



**FEKK HETS:** Øystein Furevik fekk hets for å skrive om spel på nynorsk. No har han vunne pris.

Foto: privat

## NTBs språkpris til Hallingdølen-journalist

**Tor Folgerø** er tildelt NTBs språkpris. Juryen hyllar Folgerø for det effektive og levande nyheitsspråket hans.

Prisen vart delt ut under Nordiske mediedager i Bergen. Prisvinnaren sjølv seier at det er både overraskande og hyggjeleg å bli kåra til språkheldt.

Det var ein samrøystes jury som kåra Folgerø til vinnar, etter å ha vurdert rekordmange journalistar frå heile landet. Folgerø var ikkje kjend for juryen frå før, men dei vart raskt begeistra for kreativiteten, humoren og det breie språklege registeret har spelar på.

– Det osar av høge ambisjonar og god gjennomføring. Folgerø jobbar i ein dal der dialektane og nynorsken er under press. Då er det ekstra tøft at språket i ei lokalavis sparkar så godt ifrå seg som det gjer i tekstane hans, seier juryleiar Hilde Schjerve.

NPK

**Tusen takk!** Mellom 12. april og 8. juni fekk Noregs Mållag 248 983 kroner i gåve. Det set me umåteleg stor pris på. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også senda IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf.2490. **Takk!**

**AUST-AGDER MÅLLAG**

Anne Margrete Bjåen  
Reidun Gilje  
Aud Åsen Haugsgjerd  
Johannes Havstad  
Olav Hoftuft  
John Gustav Johansen  
Jorunn Lande  
Birgit Lidtveit  
Jon Kolbjørn Lindset  
Rune Nylund  
Kåre Rike  
Tone Å. Rysstad  
Øystein Rød  
Knut P. Sandnes  
Johannes G. Torstveit  
Rønnaug Torvik  
Helge Ove Tveiten  
Scott Aanby

**AUSTMANNALAGET**

Anders Bjørge  
Else Petra Borkhus  
Eldrid Brandvol  
Jon Steinar Bredeveien  
Ivar Bungum  
Bjørn Dalen  
Ingvild Marie Eknes  
Mathias Finsveen  
Olav Haraldseid  
Gaute Elvesæter Helland  
Mette Ragnhild Helle  
Bjarte Hole  
Gunvor Kjendlie  
Torill Nedberge Klevmark  
Tove Henny Lehre  
Gunnar Lien  
Asgeir Lilleås  
Asbjørn Myrvang  
Øyvind Nordli  
Jogrim Nordsletten  
Odd Arne Nustad  
Olaf Nøkleby  
Jørgen Nørstegard  
Tone Rui  
Ragnar Rykhus  
Jørn Rødølen  
Kari Røssum  
Egil Skullerud  
Bjørn Otter Skåret  
Nils Steinar Slapgård  
Sverre Sørbø  
Ola Tronsmoen  
Ottar Uglum  
Olav Veka  
Live Visdal  
Åse Grønlien Østmoe  
Olaug Aaberge  
Brynjulv Aartun

**BUSKERUD MÅLLAG**

Niri Baklid  
Tom Ragnar Berg  
Per Drabløs  
Ylva Frøjd  
Ole Grov  
Oddvar Grøthe  
Sigrid Hjelmen  
Björg Kari Brattåker Håheim  
Lars Erik Jacobsen  
Turid I Hvaale Kvislen  
Mona Lid  
May Johanne Molund  
Ingunn Asperheim Nestegard  
Odd Oleivsgard  
Arne Ommedal  
Gro Randen  
Ola Ruud

Odd Skarsgard  
Margit Skrindo  
Sigrun Solheim  
Grethe Sollien  
Sigrun Torsteinsrud  
Øystein Velure

**FYLKESMÅLLAGET  
VIKVÆRINGEN**

Ruth Amdahl  
Kjell Austin  
Børre Austmann  
Anfinn Bernaas  
Reidar Bjørnerheim  
Erlend Bleie  
Karen Bø  
Kari de la Cour  
Tove Karina Eidhammer  
Tove Ekre  
Eldbjørg Fosseng  
Tor Gabrielsen  
Tom Kristian Grimsrud  
Oddrun Grønvik  
Gunnvald Grønvik  
Karl S. Halse  
Eldbjørg Haug  
Valgerd Svarstad Haugland  
Øystein Havrevoll  
Ola M. Heide  
Mildrid Helland  
Botolv Helleland  
Sigrun Heskestad  
Audun Heskestad  
Edvard Hoem  
Halldør Hoftun  
Maj-Britt Thon Holljen  
Valborg Holten  
Johannes Hope  
Joar T. Hovda  
Olav Høgetveit  
Tormod Hallstein Høgåsen  
Gro Ims  
Jens Kihl  
Laurits Killingbergtrø  
Turid Louise Quamme Kit-  
tilsen  
Harald Sverdrup Koht  
Bård Kolltveit  
Per Olav Lande  
Torhild Leira  
Eldrid Midttun  
Norvald Mo  
Per Helge Mork  
Arnold Mundal  
Finn Måge  
Johan Nedregård  
Øystein Njål Nordang  
Jan-Magne Rinde  
Asbjørn Roaldset  
Frøydis Marie Ruud  
Asbjørg Engebø Rystad  
Aasta Siri Schawllann  
Kari Rysst Seemann  
Olav R. Skage  
Gunvor Skiftun  
Gunnvor Fykse Skirbekk  
Synnøve Skjong  
Sigrid Solheim  
Agnete Strand  
Randi Annie Strand  
Leif Sundheim  
Sissel L. Sæbø  
Jostein Sønnesyn  
Asbjørn Tolsrød  
Ivar Vasaasen  
Lars Sigurdson Vikør  
Kjetil Vistad  
Jørgen Vogt

Johannes Georg Østbø  
Bergfinn Aabø  
Tormod Ådnøy  
Solveig Fiskvik Aamodt  
Tove Lisbeth Aasland

**HORDALAND MÅLLAG**

Kjersti Almenningen  
Dag Amundsen  
Arne Andersen  
Arnfinn Jørgen Ansok  
Erlend Bakke  
Håkon M. Berge  
Arild Berge  
Marit Berge  
Kristen Bergsvik  
Eli Bergsvik  
Ansgar Bjelland  
Asbjørn Bjørnset  
Solveig Bjørsvik  
Lars O. Bleie  
Kolbjørn Blikås  
Oddbjørn Borge  
Tor Brattebø  
Reidar Bremerthun  
Jostein Buene  
Helge Buer  
Aud-Sissel Bøe  
Jostein Bønes  
Reidar Dale  
Knut O. Dale  
Kristian Djuvsland  
Hans Birger Drange  
Björg Draugsvoll  
Torbjørn Dyrvik  
Ingunn Eitrheim  
Eirik Ingolf Eldøy  
Reidun Emhjellen  
Magne Engevik  
Øystein Erstad  
Jofrid K. Espeland  
Arnold Farstad  
Hermund Fenne  
Rune Fjeld  
Arne Fjelde  
Astrid Anne Fjeldstad  
Sverre Fjell  
Tormod Folgerø  
Harald Forland  
Frode Bjørn Forland  
Harald Frønsdal  
Jostein Gimmestad  
Hans Gjerde  
Helge Gjernes  
Lars Gjøstein  
Endre Grutle  
Solveig Grønlien  
Anne-Berit Hagen  
Kirsti Handeland  
Stanley Hauge  
Svein Heggheim  
Øyvind Hellesnes  
Aslak T. Helleve  
Aslak L. Helleve  
Linn Hjartnes Henjum  
Jan Kåre Henriksbø  
Kåre Herfindal  
Kjartan Hernes  
Sigrid Hesthamar  
Marit Hjartåker  
Eivind Hjelle  
Sissel-Anny Hjelmtveit  
Kåre J. Hole  
Karl Hope  
Helge Hopland  
Arnfinn Hopland  
Irene Hunsår  
Oddmund Hus

Daniel Hydle  
Geir Instanes  
Else Jerdal  
Ole-Jørgen Johannessen  
Ingvild Jøsendal  
Randi Jåstad  
Olav Kobbeltveit  
Ståle Kolbeinson  
Olaug Kråkevik  
Magne Kvæven  
Torfinn Langelid  
Caroline Lehmann  
Harald Lundestad  
Einar Lygre  
Audun Lødemel  
Arve Mjøs  
Jostein Molde  
Synnøve Midtbø Myking  
Jostein Mykletun  
Einar Myster  
Nils Mæhle  
Eli Karin Nerhus  
Øyvind Nitter  
Bjørn Egil Nordland  
Lisbeth Norendal  
Gunnvor Eggebø Næss  
Astrid Olsen  
Åse Opheim  
Anfinn Otterå  
Olai Otterå  
Kjell Paulsen  
Arild Reigstad  
Berit Reinsaas  
Borgny Reisæter  
Lars Riise  
Margreta Rønning  
Jostein Røstbø  
Solbjørg Åmdal Sandvik  
Helge Sandøy  
Lars Sekse  
Johannes H Sekse  
Bjarne Skarestad  
Olav Johannes Skeie  
Ingunn Skjelvan  
Arne Skjerven  
Bjarne Skjold  
Harald Skorpen  
Anne Marie Skurtveit  
Kaare Skaala  
Hermund Slaattelid  
Kari Smith  
Turid Solberg  
Harry Solberg  
Halldis Spilde  
Hermann Starheimsæter  
Idar Stegane  
Arjen L H Stolk  
Nelly Storebø  
Alf Magnar Strand  
Rolf Sigmund Sunde  
Åshild Sveinsgjerd  
Kurt Svensson  
Olav Sønnesyn  
Arne Søyland  
Øyvind Teigen  
Johannes Teigland  
Roald Erling Tjore  
Erna Toft  
Kjell Torp  
Harry Tunestveit  
Hans Tveit  
Tora Tønder  
Björg Tøsdal  
Oddbjørg Ulveseth  
Brit Valland  
Rigmor Nesheim Vaular  
Unni Urdal Vedå  
Randi Vengen

Guri Vesaas  
Jon O. Vevle  
Solbjørg Vik  
Trond Vikane  
Aud Liv Hole Vike  
Inger B. Vikøren  
Ingebjørg Viste  
Liv Astrid Økland  
Helga Nygaard Øverland  
Olav Aas  
Malena Aasen

**KARMSUND MÅLLAG**

Torunn Alnes  
Magne Apeland  
Serine Bakken  
Svein Ove Duesund  
Siri Eikemo  
Dorthea Sofie Erøy  
Grete Fedøy  
Tone Randi Frette  
Marit Færevåg  
Svend Kjetland  
Solveig Lunde  
Marit Løvvig  
Liv Tesdal Mjelde  
Agnar Ståle Naustdal  
Bjørn G Nedrebø  
Sigve Arthur Sakseid  
Berit Sandve  
Knut Selsaas  
Njål Steinsland  
Kjell Tveit  
Ole Dag Østhus  
Peder Ådland  
Steinar Aalvik

**NORDLAND MÅLLAG**

Ståle Paulsen

**NORDMØRE MÅLLAG**

Oddveig Olava Marie Øren  
Aldal  
Magnar Almberg  
Jon Kristian Aune  
Leif Roar Bævre  
John O. Dønheim  
Liv Rigmor Flå  
Eivind Hasle  
Sverre Hatle  
Kari Sigrid Roset Holten  
Jon Samuel Håbrekke  
Tora Kjelleberg  
Hanne Kvitberg  
Olav K. Lien  
Anne Britt Røe Malvik  
Oddvar Moen  
Tove Mogstad  
Rolv Sæter  
Elen Maria Todal  
Eirik S. Todal  
Aksel Aarflot  
Knut Ås

**ROGALAND MÅLLAG**

Sigmund Andersen  
Lars Bakka  
Lars Egil Bakka  
Johannes Bakka  
Ola Birkeland  
Per Aksel Birkeland  
Geir Sverre Braut  
Kirsten Marie Bue  
Gerd Helen Bø  
Margrete Dysjaland  
Kjell Brede Eira  
Kjell Steinar Ervik  
Anne Farbu

Lars Olav Fatland  
Marit Fattnes  
Åse-Berit Fidjeland  
Solveig Moe Fisketjøn  
Oddvar Flatabø  
Ove Harald Fossen  
Per Fremmersvik  
Berit Fuglestad  
Otto Laurits Fuglestad  
Helga Færøyvik  
Ingrid Gjesdal  
Endre Gjil  
Sølvi Ona Gjøl  
Egil Harald Grude  
Ranveig Gudmestad  
Vigdis Gullberg  
Kari Ingfrid Hatteland  
Inge Haugland  
Johan Sigmund Hebnes  
Halvard Helseth  
Peder Hodne  
Magne O. Hope  
Arvid Horpestad  
Jane Valaker Høgalmen  
Odd Arne Jakobsen  
Kari Anne Johansen  
Birgit Jaastad  
Magnar Kartveit  
Steinar Kjosavik  
Jens Kleppa  
Magnhild Meltveit Kleppa  
Nils Ingvar Korsvoll  
Elseber Kronstad  
Herborg Kverneland  
Olav Kvernenes  
Reidar Kydland  
Mikkel Lid  
Magnhild Lid  
Georg Løvbrekke  
Ståle Moe  
Signe Muladal  
Reidar Nesheim  
Knut Norddal  
Anita Nordmark  
Ingvar Olimstad  
Inger Skretting Opstad  
Åshild Osaland  
Hjördis Ravnås  
Oddbjørn Reime  
Torleiv Robberstad  
Atle Røe  
Torhild L. Rørheim  
Rolf Salte  
Jostein Selvåg  
Sølvi Myreng Skaran  
Ragnfrid Johanna Skavland  
Ingeborg N Skjærpe  
Martin Skrettingland  
Tom Soma  
Marit Rommetveit Staveland  
Audun Steinnes  
Gaute Steinnes  
Ståle Strømsvold  
Olav O. Sukka  
Inge Kristian Sunde  
Brit Harstad Sværen  
Einar Sæland  
Svein Kåreson Søyland  
Erling Thu  
Jone Vadla  
Torbjørn Hinna Vangsnes  
Arve Vedvik  
Klara Vik  
Torstein Aartun

#### ROMSDAL MÅLLAG

Dagrun Gjelsvik Austigard  
Asbjørg Baldersheim  
Harald Baldersheim  
Geir Magne Berg  
Petter Inge Bergheim  
Ranveig Jenset  
Liv Jordal Tangeen  
Arnild Digernes Krøvel  
Nils Sanden  
Per Arne Skomsø  
Oddmund Svarteberg  
Kjell Johan Vatne  
Øystein Øye

Roald Øygaard  
Roger Aakernes  
Ingar Aas

#### SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Eiliv Berdal  
Reidulf Bjørlo  
Ole Georg Blikås  
Dagfinn Bondevik  
Eivind Brekke  
Gunhild Børtnes  
Astrid Dale  
Jakob Devik  
Bjørn Eide  
Tor W. Eikemo  
Arne Eikenes  
Gjertrud Eikevik  
Kjell Erik Eldegard  
Hallstein Erdal  
Edny Fossheim  
Jan Martin Frislid  
Rigmor Frøyen  
Ellen Frøyen  
Siri Bente Fuhr  
Ottar Færøyvik  
Asbjørn Geithus  
Håkon S. Giil  
Sigrid Gjelsvik  
Oddvar Gjelsvik  
Oddstein Haugen  
Jon Heggheim  
Astrid Jorunn Henden  
Gerd Hillestad  
Ragnar Hove  
Liv Husabø  
Martha Systad Iden  
Anna Skadal Jonstad  
Odd Kinden  
Harald Kirkebø  
Lars Kjøde  
Viviann Kjøpstad  
Kjellaug Kjøpstad  
Ola Kjørstad  
Kari Klingenberg  
Ragnhild-Lise Furnes Korsvoll  
Kirsten Gram Kristiansen  
Kari Ann Krogh  
Aage Kvendseth  
Gerd Kvile  
Liv Janne Kvåle  
Bjørn Ladehaug  
Øystein Lavik  
Jorunn Loftesnes  
Rune Lotsberg  
Håkon Lundestad  
Sigrunn Lundestad  
Vidar Lægred  
Jan Helge Løvik  
Terje Erik Moe  
Knut Moen  
Ragnhild Skogen Molde  
Johan Moldestad  
Ragnhild Mork  
Kjell Magnar Myklebust  
Knut Ole Myren  
Olav Nedrebø  
Julie Kristine Ness  
Gunnvor Ness  
Odd Njøs  
Stein Bugge Næss  
Per Scott Olsen  
Oddbjørn Ramstad  
Tordis Randmo  
Sæmund Kjetil Rindal  
Henning Leiv Rivedal  
Jakob Ingert Rutledal  
Bjørn Rørtveit  
Steinar Røyrvik  
Margot Sande  
Bjarte Sindre  
Håkon Sjøstad  
Anders Skarestad  
Einar Skeie  
Olav Jonson Skjeldestad  
Synneva Kolle Solheim  
Irene Stokker  
Magn Jarl Stubhaug

Sigrid Svartefoss  
Kari Malmanger Svedal  
Leiv Sølberg  
Ståle Sørboten  
Ingrid Søyland  
Dagrun Thingnes  
Anne Grethe Tveit  
Johan Varlid  
John Elling Vereide  
Oddfrid Vereide  
Kari Vik  
Vemund Aartun

#### SUNNMØRE MÅLLAG

Kristian Almås  
Laila Bastesen  
Ingunn Bergem  
Berit Bjørlo  
Sverre Bjåstad  
Ole Arild Bø  
Jarle Dyb  
Marit Veiberg Eide  
Knut Falk  
Aud Farstad  
Andre Gjerde  
Arne G. Grimstad  
Øystein Grønmyr  
Per Halse  
Jarl Inge Haram  
Bodil Havåg  
Jorunn H. Henriksen  
Kristin Vereide Hetle  
Petter Magne Hjørungdal  
Astri Hunnes  
Kristin F. Husøy  
Jakob O. Kjersem  
Terje Kjøde  
Synnøve Knotten  
Jostein Korsnes  
Stein Olav Kvalø  
Elias Kvangardsnes  
Einar Landmark  
Odd Larsen  
Haldor Lillebø  
Svein Linge  
Roger Nedreklepp  
Harald Nordang  
Brynhild Kåra Lund Notøy  
Ingvild Hansen Nystad  
Bjørnar Osnes  
Hilda Margrete Pareliussen  
Vidar Parr  
Gunder Runde  
Olga Støylen Runde  
Nils Schwartz  
Else Synnøve Skarbø  
Sindre Skurtveit  
Jan Ove Stene  
Linbjørg Bjørkavåg Sunde  
Sigurd Helsem Sævik  
Geir Steinar Tandstad  
Per Svein Tandstad  
Asbjørn Tryggstad  
Rolv Ukkelberg  
Solveig Ulstein  
Eldrid Vik  
Sylvei Vik  
Sveinung Walseth  
Kjell Arne Årseth  
Ottar Aashamar

#### TELEMARK MÅLLAG

Sveinung Astad  
Lars Bjaadal  
Halvor Dahle  
Olav Rune Djuve  
Per Engene  
Per Espeland  
Jon Funner  
Asbjørn Gardsjord  
Hans Magne Gautefall  
Asbjørn Nes Hansen  
Henning Hanto  
Knut T. Haugen  
Ragnhild Hovda  
Tone Sem Hovda  
Hallgrim Høydal  
Jon Ingebretsen  
Josef Kili

Arne-Birger Knapskog  
Olav E. Kaasa  
Åge Kåsi  
Sigrun Garvik Moen  
Jakob Olimstad  
Sigmund Romtveit  
Olav Rovde  
Børre Rønningen  
Per Skaugset  
Gunvor Solberg  
Alv Halvor Straumstøyl  
Magnhild Sveinsen  
Einar Leiv Søreide  
Olav Tho  
Anne Elise Thorvaldsen  
Alf Torbjørn Tveit  
Kari Tveit  
Tor Valle  
Margit Verpe  
Einar Versto  
Johan Vaa  
Halvor Øygarden

#### TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Jarle Bakke  
Per K. Bjørklund  
Odd Borch  
Terje Christoffersen  
Bjarne Eilertsen  
Karl Ragnar Engstad  
Kjell Heggelund  
Atle Måseide  
Torny Nikolaisen  
Kjell-Per Nilssen  
Ole Edgar Nilssen  
Ingrid Russøy  
Sigrid Skarstein  
Anne Marta Steinnes  
Grete Lien Stenvold  
Jon Todal  
Gunn Utkvitne  
Nils Aarsæther

#### TRØNDERLAGET

Reidar Almås  
Eli Aune  
Håvard Avelsgaard  
Kjell Bardal  
Arne Bjørdalsbakke  
Oddrun Bjørgum  
Karl-Ove Bjørnstad  
Olaug Denstadli  
Jan Finjord  
Helge Fiskaa  
Svein Arild Fjeldvær  
Jon Olav Forbord  
Birger Foseide  
Ingebrigt Garberg  
Jon Grønli  
Anders Gustad  
Solfred Winge Haugnes  
Kjellrun Hersund  
Knut Holmen  
Modulf Husby  
Målfrid Hyrve  
Inger Sandvik Jarstein  
Åke Junge  
Turid Kjendlie  
Olav Kuvås  
Per Knut Kvande  
Kirsti Årøen Lein  
Jens Loddgard  
Bjørn Lund  
Agnar Meling  
Lars Kolbjørn Moa  
Tore Moen  
Magne Måge  
Ingrun Norum  
Lars Nygård  
Aud Okkenhaug  
Solveig Otlo  
Mimi Bruskeland Oust  
Helge Raftevold  
Olaug Reitås  
Helge Rypdal  
Oddny Pauline Skeide  
Åsmund Snøfugl  
Ingebjørg Sogge

Ulf Steen  
Per Johan Sæterbakk  
Torbjørn Tranmæl  
John Tveit  
Harald Vik-Mo  
Aa. Bjørgum Øwre

#### VALDRES MÅLLAG

Gunnar Belsheim  
Olav Gullik Bø  
Inger Solveig Bø  
Ola Fosheim  
Kjell Hagerup  
Ove Haugen  
Bjørn Vegard Johnsen  
Gerd Kvam  
Anders Lunde  
Brita Siri Nesja  
Nils Petter Røed  
Ragnhild Solberg  
Marit Eltun Svendsen  
Per Gunnar Veltun  
Magnor Wigdel

#### VEST-AGDER MÅLLAG

Gudrun Austegard  
Arna Berg  
Anne-Berit Erfjord  
Marit Fjordheim  
Vigleik Frigstad  
Bernt Gautestad  
Øyvind Grov  
Berit Fiskaa Haugjord  
Ola Reidar Haaland  
Karin Vere Jacobsen  
Kirsti Lavold  
Solveig Stallemo Lima  
Målfrid Lindeland  
Gudlaug Nedrelid  
Terje Næss  
Bjørn Helene Slapgard  
Asbjørn Stallemo  
Aslaug Verdal

#### ØSTFOLD MÅLLAG

Tore Antonsen  
Eldrid Fjalestad  
Benthe Kolberg Jansson  
Christian Kielland  
Arne Kvernhusvik  
Per Thorvald Larsen  
Roy Arne Olsen  
Håkon Teigland  
Kjetil Aasen

#### YRKESMÅLLAG

Kjellfrid Bøthun  
Morten Elster  
Møyfrid Engeset  
Kristian Hagestad  
Anders Bøyum Halvorsen  
Sissel Hole  
Eirik Holten  
Kari E Huus  
Rønnaug Kattem  
Birgit Oline Kjerstad  
Kjell Harald Lunde  
Olav Norheim  
Linda Plahte  
Frode Ringheim  
John Lode Roscoe  
Haldor Slettebø  
Harald Thune  
Turid J. Thune  
Sigrid Tyssen  
Birger Valen  
Olav Vesaas  
Vidar Ystad

#### BEINVEGES INNMELDE

Marit Einrem  
Randi Einrem  
Egil Andreas Helstad  
Herborg Lillebø  
Sigurd Meldal  
Magni Sandal  
Per Smørvik

## ■ kviss • Audun Skjervøy

- 1 Kven vann nynorsk litteraturpris i fjor (altså for 2021)?
- 2 Kva gjer danskane når dei set flueben?
- 3 Pão de Açúcar er ein karakteristisk naturformasjon i ein søramerikansk storby. Kva by er det?
- 4 Kva europeiske hovudstader renn Donau gjennom?
- 5 Fekk britane vere med og bestemme i ei folkerøysting før Storbritannia gjekk inn i EF i 1973?
- 6 Kva kallar vi dei to palestinske sjølvstyremråda?
- 7 Kva blir rekna som vår innanfor astronomien?
- 8 Titania er den største månen som går i bane rundt ein av planetane i solsystemet. Kva planet?
- 9 Den heilage Sunniva gøymde seg på ei øy i Sildegapet. Kva heiter øya?
- 10 Noreg har på territoriet sitt ein aktiv vulkan, som også er verdas nordlegaste. Kvar ligg han?
- 11 Når var det første gong direkteval til fylkestinga?
- 12 Når fekk alle kvinner første gongen stemme i lokalvala?
- 13 Kva var tittelen på den aller første James Bond-filmen?
- 14 Kva heiter den norske kortfilmen som blei nominert til ein Oscar i kategorien Best Live Action Short i 2023?
- 15 Ein finsk-amerikansk programmerar har utvikla eit ope alternativt operativsystem for PC. Kva heiter utviklarer?
- 16 Kor mange gigabyte er det i ein petabyte?
- 17 Går bjørnen i dvale om vinteren?
- 18 Kva heiter det minste rovdyret i den norske naturen?
- 19 I 1962 kom debutalbumet *Surfin' Safari* ut. Kva heitte bandet?
- 20 Kven erstatta Eric Clapton som sologitarist i The Yardbirds?



**FORNYAR:** Det var ein glad Svein Olav Langåker som tok i mot prisen Årets nynorskbrukar 2023 på vegner av Framtida Junior – Her saman med Reidar Sandal, styreleiar i Nynorsk Kultursentrum. Foto: Nynorsk kultursentrum

## Framtida Junior er årets nynorskbrukar

■ *Framtida Junior* fekk prisen «Årets nynorskbrukar 2023» for å bryte veg for meir nynorsk på digitale medieflater og for å skrive om varierte emne for 7–13-åringar.

I grunngevinga til prisutdelinga skriv Nynorsk kultursentrum:

«*Framtida Junior* byggjer på ein lang nynorsk tradisjon for å setje barnet i sentrum i barneformidlinga – frå Norsk Barneblad og Rasmus Løland og fram til i dag. Samstundes har dei fornya tradisjonen og møter barna med aktuelt innhald på

flatene dei allereie er på. Det har vore fleire forsøk på barneaviser sidan 2010, men berre to har overlevd: *Aftenposten Junior* og *Framtida Junior*. I eit medielandskap der nynorsk er lite synleg i dei nasjonale dagsavisene, har dei gjort nynorsk meir tilgjengeleg for barn både i papiraviser og digitalt», heiter det i grunngevinga.

– Vi har heile tida søkt råd hos barn om kva dei har lyst å lese om. Vi arbeider litt etter den same demokratiske tanken som Ivar Aasen gjorde då han var i 20-åra. Kven som helst

skal få delta i samfunnet og seie si meining. Barna skal få seie kva dei meiner og delta i ordskiftet, sa Svein Olav Langåker, då han tok i mot prisen under Festspela.

Prisen Årets nynorskbrukar, som er på 100 000 kroner og eit diplom, blir delt ut av styret i Nynorsk kultursentrum til ein person eller institusjon som syner evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, og som gjer det lettare å vere nynorskbrukar gjennom sitt føredøme.

## Samane får urfolksstatus i Grunnlova

■ Måndag 15. mai bestemde Stortinget at samane skal ha urfolksstatus i Grunnlova. Endringa trer i kraft med ein gong. 147 representantar stemde for forslaget, medan 22 representantar stemde imot.

Framstegspartiet er det einaste partiet som gjekk imot, går det fram av innstillinga frå kontrollkomiteen. Det krevst to tredels fleirtal for å vedta ei grunnlovsendring.

Lubna Boby Jaffery frå Arbeidarpartiet, som var saksordførar for forslaget, sa i forkant av voteringa at partiet i lang tid har ønskt at Grunnlova skal omtale samar som urfolk.

– Det er av stor symbolsk betydning. Tida der vi skulle gøyme bort og fornorske det samiske, er over. Ved å anerkjenne samane som urfolk i Grunnlova, set ein eit varig

punktum for fornorskingspolitikken, sa ho.

Den aktuelle grunnlovsparagrafen som blir endra, er paragraf 108. Det var denne paragrafen som vart brukt då Høgsterett erklærte at vindmøllene på Fosen krenkjer dei samiske menneskerettene.

Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, SV, Venstre, KrF, MDG og Raudt fremja forslaget i den førre stortingsperioden.

20 Jeff Beck

19 The Beach Boys

18 Snømus

17 Nei, men i vintersvevn som han kan vekkjast

16 Ein million (nøyaktig 1 048 576)

15 Linus Torvalds

14 Natiriken

13 Dr. No

12 I 1910

11 I 1975

10 På Jan Mayen (Beerenberg)

9 Selja

8 Uranus

7 Tida frå sommarsolkverv til haustjamdøgn

6 Vestbreidda og Gazastripa

5 Nei, men i 1975 fekk dei stemme over om dei ville halde fram som medlemmer i EF).

4 Wien, Bratislava, Budapest og Beograd

3 Rio de Janeiro

2 Dei set ei hake ved ei (uttørt) oppgåve

1 Stein Torleif Bjella (for Fiskehuset)

|                  |               |               |                     |              |                  |                   |                  |                    |                  |                       |              |                |
|------------------|---------------|---------------|---------------------|--------------|------------------|-------------------|------------------|--------------------|------------------|-----------------------|--------------|----------------|
| ORD-TAK          | IDETTS-UTØVAR | FISKE-REISKAP | UJAMN- AKSLE        | OPNING       | PLAN-LAGDE MERKA | KVILE             | KOMM. PREP.      | SONG-ARANE LIKE    | OPP-HENG         | SNAKKA PLANTE-PRODUKT | SVARAR       | PREP. RETN.    |
| FAG-AREID-ARAR   |               |               |                     |              |                  |                   |                  |                    |                  |                       |              | LUKTE-ORGAN    |
| HUD              |               |               |                     | LEVER        |                  | SJUKD. MYTISK ULV | TILTAK AUKAR     | GLASA GJØN         |                  |                       |              |                |
| SKIFTE           |               |               |                     | BAKKE-BRUN   |                  |                   |                  |                    |                  |                       |              |                |
| AVKOM            |               |               |                     |              |                  |                   | TRAVAR INSEKT    |                    |                  |                       |              |                |
| NUPPE            |               |               | "ALL-ANSEN" SAUMANE |              |                  |                   |                  |                    |                  | TOPP PUSSA            |              |                |
| JUNIOR           |               |               |                     |              |                  |                   |                  |                    |                  | SLADD-ER KREPS        |              |                |
| ARVE-STOFF       |               |               |                     |              |                  |                   |                  | LENGTE             |                  |                       |              |                |
| STABLE           |               |               |                     | LYMF- KNUTE  | PLAGE OMRÅDA     |                   |                  | STOR-MANN GOD      |                  |                       | STILLE PRON. |                |
| EUR. BY          |               |               |                     |              |                  | LIKE              |                  | SYNS-PUNKT-ET      |                  |                       |              | GRAD           |
| EGSE             |               |               | KLØKT HISSAR        |              |                  | SELEN             |                  | SLITET             |                  |                       |              |                |
| SCENEN           |               |               |                     |              |                  |                   |                  |                    |                  |                       |              |                |
| TIDL NM-LEIAR    |               |               |                     |              |                  |                   |                  | SPRAG-GRUPPE ARGON |                  |                       |              | ARB-TAKAR-ORG. |
|                  |               |               |                     |              |                  | VIER              |                  |                    |                  |                       |              |                |
|                  |               |               |                     |              |                  |                   |                  |                    |                  |                       |              |                |
|                  |               |               |                     |              |                  |                   | MANN LIKE        |                    |                  | OPP-DRETT             | ASPI-RANT    | TAL NO. ØY     |
| SPRÅK            |               |               |                     |              |                  |                   |                  |                    |                  |                       |              |                |
| DR.ARR.          |               |               | KRY                 | AVKOM        |                  |                   |                  | MATFAT             |                  |                       |              | TRE            |
| HEVDA            |               |               |                     | SNORA        |                  |                   |                  | DIA-GRAM           |                  |                       |              | SLIPE          |
| MUSE             |               |               |                     |              | OVER-SETT        |                   |                  |                    |                  | FLY-PLASS RETN.       |              |                |
| UTHUS            |               |               | SPRÅK               |              |                  |                   | BRETT            |                    |                  |                       |              |                |
| EIGE             |               |               | EGGE                |              |                  |                   | MATFAT           |                    |                  | PRON. HARSK           |              | OVER-HØV-LING  |
|                  |               |               |                     |              |                  |                   |                  |                    |                  |                       |              |                |
|                  |               |               |                     |              |                  |                   | MERKE-LEG        | FESTE ANTI-LOPE    |                  |                       |              | BARSK FESTE    |
|                  |               |               |                     | JORD-VOLLANE |                  |                   | NABOAR PRON.     |                    | R. HOV-LAND-BYGD |                       |              |                |
| LITE DATA-PROGR. |               |               |                     | ROMMA        |                  |                   |                  |                    |                  | CA. 14 DAGAR (BAKV.)  |              |                |
| MORO             |               |               |                     |              |                  |                   |                  |                    |                  |                       |              |                |
| NEDBØR           |               |               |                     |              |                  |                   | ORIGI-NAL-KJELDE |                    |                  |                       |              |                |

■ løysing • Nr. 2 - 2023

|                      |          |                  |                 |           |              |                      |            |   |                    |                  |             |   |                    |
|----------------------|----------|------------------|-----------------|-----------|--------------|----------------------|------------|---|--------------------|------------------|-------------|---|--------------------|
| LEAR- EN             | ORD- TAK | L                | RAS- RAMMA BYGD | L         | L            | LEI- GARD- OUSTEN    | RANG- LINE | L | L                  | OPNING- ANE SVIK | DNSTR- U    | S | STOK- DIKTAR- HJEM |
| STOKK- REVERN- FARB  | K        | O                | M               | M         | U            | N                    | E          | D | I                  | R                | E           | K | T                  |
| T                    | R        | E                | E               | M         | N            | E                    | R          | A | N                  | K                | A           | R | T                  |
| V                    | O        | N                | D               | G         | E            | N                    | D          | E | M                  | E                | T           | E | R                  |
| ELING- STATS- SIDA   | K        | HAN- DRØGI- ROSA | G               | GLD- INNE | A            | T                    | E          | N | E                  | MORKE- NES- FVOD | R           | E | I                  |
| R                    | E        | G                | J               | E         | R            | I                    | N          | G | S                  | M                | E           | D | L                  |
| TROF- SAMAN- BELLING | T        | U                | E               | B         | E            | G                    | E          | N | R                  | E                | P           | A | L                  |
| U                    | T        | B                | L               | A         | N            | D                    | A          | G | E                  | L                | V           | P | E                  |
| SVAK                 | R        | E                | E               | L         | KAMEL- DIFRA | MEDOMME- LUKTAR      | Y          | K | T                  | E                | SRUNN- DMTA | Å | R                  |
| PLANT- EN            | E        | N                | G               | B         | L            | O                    | M          | E | N                  | T                | O           | R | K                  |
| STETKOR- LARAR- TRØY | B        | HARME- LEGE      | PALME- LUNDEN   | O         | A            | S                    | E          | N | VIN- JELDA- PALLET | N                | B           | O | D                  |
| B                    | R        | E                | A               | R         | M            | A                    | R          | R | A                  | N                | E           | N | T                  |
| BRUK- EN             | L        | E                | R               | G         | A            | R                    | T          | N | A                  | R                | N           | S | T                  |
| A                    | N        | G                | E               | A         | S            | I                    | O          | S | FORSØK- T          | E                | S           | T | L                  |
| LEIKT- REI- EN       | N        | E                | V               | A         | N            | E                    | R          | E | JUMBO- ELV- SVIK   | U                | R           | K | E                  |
| FOR- JØR- EN         | L        | I                | K               | E         | G            | O                    | D          | T | S                  | O                | M           | B | E                  |
| STI- MANKE           | O        | M                | E               | G         | A            | JUNIOR- DRØKK- PREP. | T          | E | I                  | L                | A           | N | M                  |
| L                    | A        | G                | B               | J         | A            | R                    | N          | E | S                  | L                | A           | P | G                  |
| KLØBB- ØKNER- ØK     | N        | E                | D               | A         | R            | V                    | A          | S | T                  | A                | S           | K | N                  |

Vinnarar av kryssord nr. 2, 2023:

1. Anne Sofie Ljønsøe, Lærdal
2. Gerd Bakke, Stanghelle
3. Ragnhild Saur, Steinkjer

Send løysinga til:

Noregs Mållag  
Lilletorget 1  
0184 Oslo

eller e-post:  
norsk.tidend@nm.no

Heile kryssordet må sendast inn.

**Frist: 4. september**

Merk sendinga «Kryssord».  
Rett løysing kjem i neste utgåve.  
Tre vinnarar vert trekte ut og får ein fin premie.

Namn:

Adresse:

Postnummer/-stad:

# Hudpleie frå Hardanger



## Optima pH4 Hudbalsam

-hudpleie som styrker huda di

- pleiande gelé som gir deg mjuk hud
- unik kombinasjon av alginat og organiske syrer
- også velegna til overflatesår, hudplager og fot/hudmassasje

Organiske syrer/pH 4 dannar eit surt miljø. Dette styrker syrekappa, førebygger hudplager og bevarer den gode bakteriefloraen.

Utan parfyme. Låg pH.



Scan for  
meir  
produktinfo





**AKTIVE FOR MÅLET:** Landsmøteutsendingane er klar til vidare kamp for nynorsken etter landsmøtet i Sogndal i april. Foto: NMU

# Landsmøtet i Sogndal

■ Helga 21.–23. april 2023 skipa Norsk Målungdom til landsmøte i Sogndal. Målungdomar frå lokallag over heile landet samla seg for å diskutere språk, vedta ny politikk og ha det kjekt.

Landsmøtet vedtok ei fråsegn for å spela inn tiltak for norsk fagspråk, ei fråsegn om å anerkjenne

ume-, pite- og skoltesamisk og ei fråsegn om kravet vårt til vedtaket av ny opplæringslov på Stortinget. I tillegg vart det fleirtal i arbeidsprogrammet for at sumarleiren i 2024 skal vera på Færøyane.

Landsmøtet valde også eit nytt sentralstyre: Tobias Christensen Eikeland frå

Oslo som leiar, Synne Solberg frå Harpefoss og Maren Braut frå Klepp som nestleiarar, og Rasmus Tennø Loe frå Luster, Sebastian Natvik frå Frekhaug, Stina Ringdal Strøm frå Bergen og Ingeborg Henden Fridtun frå Sandane.

Me ser fram til eit flott nytt arbeidsår!

TOBIAS CHRISTENSEN EIKELAND

## Eit steg i rett retning

■ Rett før ferien kom den varsla **handlingsplanen for norsk fagspråk** i academia.

Planen har fått namnet *Frå ord til handling*, og tek opp den urovekkande utviklinga me har sett for norsk fagspråk i academia og høgare utdanning dei siste tiåra. Stadig meir føregår på engelsk, og engelsk fagspråk kjem inn der norsk tidlegare var fyrsteval. Ikkje berre gjeld det i forskinga, men òg i undervisning, pensum og andre samanhengar. Det er noko faretruande i at handlingsplanen slår fast at norsk «framleis [er] eit livskraftig språk», men han ser i alle fall ut til å ta problemet på alvor. Han tek opp i seg mange av dei aspekta mål-

rørsla og andre har peikt på lenge. Samstundes må handlingsplanen ta vare på den norske konkurranseevna i ei akademisk verd der det aller meste skjer på engelsk. Det kan vere ein vanskeleg balansegang, i alle fall mot ein sektor som ofte legg avgjerande vekt på internasjonalisering.

### Uklare mål

NMU har tidlegare i år skrive om saka i desse spaltene, og har i heile vår fokusert på stillinga for det norske språket i academia. Under landsmøtet vedtok me ei høringsfråsegn der dei viktigaste innspela gjaldt pensumlitteratur, formidling, og at unntak frå norsk som undervisningsspråk må vere godt grunngjeve. Alle punkta er i varierende grad med i planen, sjølv om den korte

forma gjer det noko uklart kva som faktisk ligg i måla frå regjeringa.

Det me ikkje har fått i planen, er tydelegare oppfølging av dei eksisterande lovkrava. Sanksjonar for lovbrøt er ikkje med, og det er heller ikkje denne gongen teikn på at departementet vil ta diskusjonen. Klageportalen for eksamensspråk er som vanleg aktiv no i vårmånadene, og det er tydeleg at mange institusjonar slit med å oppfylle dei kvantitative måla, og kanskje særleg det kvalitative kravet om styrking av nynorsken i språklova § 1 tredje ledd.

Likevel er det trass alt godt at planen er komen på plass. Klarar styresmaktene og sektoren å gjennomføre, vil det vere eit steg mot å betre situasjonen for det norske fagspråket.

JÓGVAN HELGE GARDAR

## ■ leiarspalta



TOBIAS CHRISTENSEN EIKELAND  
Leiar i Norsk Målungdom

## Stortinget sikra ikkje like opplæringsvilkår

■ Stortinget har vedteke ei ny opplæringslov, og sviktar med det 73 000 nynorskelevane som no ikkje blir sikra ein skulekvardag på språket sitt.

■ 24. mars la kunnskapsminister Tonje Brenna fram forslag til ny opplæringslov, etter ein minst fire år lang prosess. Det er mange detaljar og nyansar i prosessen, men for oss botna det i at kunnskapsministeren ikkje meinte at det var riktig å sikre at læremiddel som er utvikla til bruk i skulen (som er meint å råke alle dei digitale læremidla som i dag ikkje finst på nynorsk) skulle vera tilgjengeleg på både bokmål og nynorsk til same tid. I førre nummer av Norsk Tidend kan ein lesa intervjuet mitt med ho.

■ Me stod sjølvstøtt på i prosessen vidare, og kravde på ei høyring i utdanningskomiteen på Stortinget at dei måtte tryggje nynorsken i den digitale kvardagen. Me var tydelege på at dette er det aller viktigaste tiltaket for nynorskelevane i tiåra som kjem. Utan krav kjem nynorskelevane i praksis til å lesa og møte språket sitt mindre og mindre, stikk i strid med språklova og språkretnane til elevane.

■ Då komiteen leverte innstillinga si, var det berre SV, Raudt og Venstre som var for kravet vårt. Høgre, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Framstegspartiet var imot.

■ Norsk Målungdom fekk med seg AUF, Sosialistisk Ungdom, Unge Venstre, Unge Sentrum, Elevorganisasjonen, Pedagogstudentane i Utdanningsforbundet og Raud Ungdom på eit opprop for like læringsvilkår for bokmåls- og nynorskelevane.


■ Korkje regjeringa eller Stortinget høyrde på oss då det vart røysta på Stortinget. Framlegget vårt fell, 81 mot 19. Av partia som ikkje sat i komiteen, vart MDG og Pasientfokus med på framlegget, og KrF vart ikkje med.

■ Difor blir dette inga lov å feire for nynorskelevane. Stortingsfleirtalet, med regjeringa i spissen, ville nemleg ikkje sikre like læringsvilkår for nynorskelevane ved å innføre det sjølvstøtt kravet om at dei digitale læringsressursane også skal vera tilgjengeleg på nynorsk.

■ Trass i dette har me no ei stor og viktig oppgåve føre oss. Med opplæringslova har det kome eit krav (utan atterhald) om at programvara og skriveprogramma som blir bruka i skulen, må stø bokmål og nynorsk fullt ut, og at stavekontrollen skal femne om heile norma. No skal me følgje med og syte for at dette blir følgt i praksis, og at Google set i gang arbeidet for å vera i samsvar med lova. Elles kan dei ikkje bli bruka i den norske skulen – korkje på nynorsk- eller bokmålskskular.

# Lettlesen fantasy med fascinerande bakgrunn

Treng du nynorske fantasy-humor-teikneseriebøker som **får ungene dine hekta** på kort tid, kan du trygt kjøpe denne.



ØYSTEIN RUNDE  
oysteinrunde@gmail.com

■ Fantasyserien Pepar og Gulrot handlar om ei ung heks under opplæring (hos tre gamle hekser, så klart) og katten hennar, Gulrot. Boka består av korte 6-7 siders historier, som etterkvart bygger opp eit større kosmos med ein vag kontinuitet. Ein får alltid lyst å lese berre ei til, men ein kan også trygt stoppe når som helst.

## Detaljrikt

Hekse-universet er lett å forstå seg på. Det finst ulike heksetypar som har ulike typar magi, og Pepar driv med kaosah-magi, som ein forstår er litt meir sprelsk og tøff enn den meir øko-orienterte hippiah-magien og så vidare. Heilt revolusjonerande verdsbygging er det ikkje – dragar, hippiehekser, havhekser, kaoshekser, alt er i former som gjer det lett å henge med på. Men Revoy sine detaljrike, malte sider imponerer i si nitidigheit. Den malte estetikken er blitt så overfylt at den blikkar mot graut i byrjinga, men utover i boka vert Revoy meir tydeleg i kontrastane, og uttrykket vert straks klarare og lettare

## ■ bokmelding

David Revoy:  
*Pepar & Gulrot*  
til norsk ved Arild Torvund Olsen

å fordøye. Dei beste oppslaga er heilt strålande, som når ein ser hus eller svære bygg, og generelt er alt solid handverk. Tekstene er fint omsett til nynorsk av Arild Torvund Olsen.

## Vederlagsfritt

Serien er fin, men det er ideologien bak som gjer dette til eit *uvanleg* sympatisk prosjekt. Serien er laga under ein Creative Commons-lisens. Detaljane står på [www.peppercarrot.com/nm/](http://www.peppercarrot.com/nm/) men i praksis betyr det at Outland Forlag kan trykke serien utan å betale vederlag til Revoy, og at ein også kan modifisere serien om ein vil, så lenge ein informerer om kva ein har endra. Revoy nyttar også kun software som er open, og teiknar difor mest i det gratis teikneprogrammet Krita. På nettsidene legg han også ut haugevis med gratis penslar og

andre ressursar, i tillegg til at episodane ligg der – omsett til heile 63 språk.

Revoy brukar plattformen [patreon.com](https://www.patreon.com) til å sikre faste inntekter, ein metode som funkar betre og betre om ein har stort nedslagsfelt. Han brukar også paypal, Tipeee og open source-versjonen LiberaPay, men Patreon er det mest kjende og tydeleg der han har flest følgjarar. Ein ser det er veldig mange folk (849 stk) som betaler bittelitt pengar kvar gong Revoy slepp ein ny episode, og når eg sjekkar ser eg at han altså får ... 44 244 kroner for kvar ny ... ok eg må gå ein tur.

## Demokratisk

Altså – Revoy sitt hovudmål med serien er å vise seriebransjen at det eksisterer heilt nye måtar å leve av teikneseriar på i dag. Prosjektet er også veldig demokratisk og generøst. Ein finn gratis penslar til Krita, gratis fontar, og gratis treningsvideoar. Det er eit fantastisk prosjekt! Og ved å gi ut boka har Outland forlag kanskje skaffa Revoy endå eit par nye fans. Vinn-vinn-vinn!

Er serien i seg sjølv eit meisterstykkje? Den er søtt teikna,

har søte plott og vitsar, men eg skal ikkje seie at den heilt treffer meg som barka, gubbete lesar. Fantasyelementa er for velkjende for meg, og vitsane «må vere såpass». Det er eit ekstremt forseggjort univers, men med veldig lite vilje til å presse grensene både på design og narrativ. For den vaksne lesar kjennest det difor litt for tamt. Men dei små episodane er svært lette å fordøye, og den rolege oppbygginga skapar nok stor leseglede for born. Boka sluttar på ein lett cliffhanger, men ein kan finne neste episode på websidene med ein gong, så ein treng ikkje vente på ny bok.

## Trolldom

Treng du nynorske fantasy-humor-teikneseriebøker som får ungene dine hekta på kort tid, kan du trygt kjøpe denne. Skal du ha revolusjonerande samtidskunst i teikneserieformat, er det kanskje andre ting som treffer betre. Men som vegvisar i ein stadig meir utrygg bransje er den idealistisk vassstette forretningsmodellen til Revoy noko ein rett og slett berre må ta av seg heksehatten for. For dette er trolldom!





**RETTE TIL FJELLET:** Kven har rett til å bruke fjellet og til kva, spør Guri Sørungård Botheim i Romanen *Høgfjellsmeldinga*.

Foto: Benedikte Skarvik / Oktober

# Underhaldande om samspelet mellom natur og menneske

*Høgfjellsmeldinga* kunne ha vorte **eit godt filmmanus**. Romanen har troverdige karakterar, humor, drama og spenning.

ESPEN TØRSET  
espto@trondelagfylke.no

■ Guri Sørungård Botheim er aktuell med ei ny bok. Handlinga i romanen ho har skriva er lagt til Hjerkin, heilt nord i Dovre.

## Flyttar frå byen

Hovudpersonen i romanen *Høgfjellsmeldinga* er Ragna. Ho flyttar frå livet i Trondheim for å byrje på nytt på Hjerkin. Der tar ho til i jobben som kommunikasjonsansvarleg ved Norsk villreinsenter, avdeling Nord. Ragna er kjærast med Lars, og det kan virke som eit pussig poeng for lesaren at ei som er ansvarleg for kommunikasjon er såpass dårleg til å kommunisere med dei rundt seg. Gjennom forteljinga får vi gradvis vite at det ikkje er



## ■ bokmelding

Guri Sørungård Botheim:  
*Høgfjellsmeldinga*  
Samlaget

tilfeldig at Ragna har hamna akkurat på Dovre. Det eine er det naturlege med at ho er fødd og oppvaksen i området, men noko anna er den bagasjen ho har med seg frå tida ho var kjærast med miljøaktivisten Gaute Nor. Gaute, som døydde under mystiske omstende.

Ragna har mykje å hanskast med, både i fortida og i notida. Det er ikkje så lett for dei rundt henne å forstå kva ho egentleg vil. To som er til god hjelp for Ragna er det eldre naboekteparet Alvar og Svånhild Berge. Som eit slags talerøyr i romanen, hjelper dei Ragna å setje tankane hennar i rett perspektiv. Ein annan person som blir sentral i livet til Ragna, er pilegrimspresten Teodor.

## Spenningsroman

*Høgfjellsmeldinga* er ei underhaldande og god bok. Den er også ein spenningsroman. Den tar for seg ein høgaktuell problematik: Korleis skal samspelet mellom urørt natur og menneskeleg aktivitet vere i fjellheimen vår? Det er eit tema som vekker sterke kjensler hjå folk. Noko som det verkeleg gjer med folka i *Høgfjellsmeldinga*! Eg tenkte medan eg las boka, at dette kunne ha vorte eit godt filmmanus. Romanen har troverdige karakterar, humor, drama og spenning. Og så ein pilegrimsprest da. Det er jo perfekt!

Dette er den første romanen av Guri Sørungård Botheim, sidan ho debuterte med *Ram-*

*stein pensjonat* som ho skreiv med systera, Sigrid i 2009. Ho har i mellomtida gjeve ut ei av dei finaste diktsamlingane som er skriva i Noreg dei siste 10 åra. Dikta i *Heime mellom istidene* (2016) prøver å formidle kva ein heim er. I byen knyter heimkjensla seg til inneromma, medan i ei fjellbygd er det uterommet som gir heimkjensle. Minne ligg lagra i terrenget og det er godt å vera i det same landskapet som slekta før har brukt og budd i.

## Kjenner seg heime

Tematisk er kanskje ikkje diktsamlinga til Botheim og romanen heilt ulike. Miljøet er i alle fall det same. Kjenslene for naturen finn vi i begge bøkene. Botheim er fødd og oppvaksen i Lesja, og etter mange i år i Trondheim har ho no flytta heim att. Derfor er dette eit landskap ho naturleg nok kjenner seg heime i.

Favorittsitatet frå *Høgfjellsmeldinga* er til alle trønderske menn: «Nå når ho høyrer den milde stemma til Lars, kjenner ho med eitt kor kei ho er. Menn frå Trøndelag har så fine, mørke stemmer». Det er godt å få det skriftleg.

# VELKOMMEN TIL JÆREN I SOMMAR!

KNUDAHEIO  
Mån-søn 12-17\*

GARBORGHEIMEN  
Mån-søn 12-17\*

GARBORGSENERET  
Mån-laur 10-15



\*Sommaropningstider, gjeld f.o.m. 1. juli t.o.m.  
13. august. Les meir på [www.garborg.no](http://www.garborg.no)  
Foto: Asle Haukland og Jan Nordtveit.

  
GARBORGSENERET  
JÆRMUSEET

# Kven frå Kiruna vann barnelitteraturprisen

**Markus Lantto** er ikkje som andre barnelitteraturprisvinnarar. Han er svensk og busett i Trondheim med kvensk opphav.

HEGE LOTHE  
hege.lothe@nm.no

■ – *Kvifor har du valgt å skrive på nynorsk?*

– Eg tykkjer det er fantastisk at det er to norske skriftspråk. Nynorsk er eit anna verkty, seier Markus Lantto. Han fortel at han har fått god hjelp av forlaget til å skrive boka på nynorsk. Han sjølv har kvensk bakgrunn. Han kjem frå ein liten plass i Kiruna kommune nord i Sverige. Som mange andre i sin generasjon fekk han aldri lære kvensk, men vaks opp med å høyre mykje kvensk rundt seg frå foreldre og besteforeldre.

– *Kan boka bli omsett til kvensk?*

– Det hadde vore veldig flott. Det kvenske språket treng at det finst endå fleire barnebøker på kvensk, seier Markus Lantto.

**Fyrste barnebok**

– *Du har skrive fleire bøker for vaksne. Kvifor har du no skrive di fyrste barnebok?*

– Eg hadde skrive eit manus for vaksne, og etter ein del arbeid vart det klart at forlaget ikkje ville gje ut manuset. Då kom ideen opp, skriv ei barnebok. Eg leverte inn fem–seks skisser til historier, og då plukka redaktøren ut historia om sykkeltjuven.

Markus Lantto er sjølv biletkunstnar og medan han skreiv boka laga han nokre skisser til den. Men det seier sjølv at det var aldri aktuelt at han skulle illustrere boka sjølv.

– *Illustrasjonane til Camilla Kuhn er ei viktig del av historia. Korleis har de arbeidd i lag?*

– Eg tykkjer ofte at illustrasjonar kan bli litt tamme, og eg var redd for at vi skulle få illustrasjonar som ikkje passa. Men då eg såg hennar tidlegare arbeid tenkte eg at dette passa perfekt. Ho er ikkje så snill i teikningane sine, dei kan vere brutale og det er mykje av alt. Det tykte eg passa bra, smiler Markus Lantto. Etter at han var ferdig med å skrive historia, ville Camilla Kuhn arbeide i fred og det fekk ho.

– Eg tykkjer det har blitt veldig bra, seier Markus Lantto, og det tykte også juryen for Nynorsk barnelitteraturpris.



**BEST I 2022:** I følge juryen for Nynorsk litteraturpris har Markus Lantto skrive den beste barneboka på nynorsk i 2022. Foto: Hege Lothe

## Tjønn får Nynorsk litteraturpris

■ Under Festspela i Aasen-tunet i Ørsta laurdag 10. juni blei **Brynjulf Jung Tjønn** tildelt Nynorsk litteraturpris 2022 for diktsamlinga *Kvit, norsk mann*.

Boka til Tjønn har også tidlegare fått ei rekkje prisar, mellom anna Kritikarprisen og Ungdomens kritikarpris.

Det er Samlaget, Det Norske Teatret og Noregs Mållag som står bak Nynorsk litteraturpris. Prisen vart delt ut fyrste gong i 1982 og er eit diplom og 50 000 kroner.

Juryen i år har vore Carl Morten Amundsen, Margit Walsø og Mariann Schjeide.

I grunngevinga skriv juryen mellom anna:

«Sjeldan har ein jury vore så samstemte, aldri har vel eit jurymøte vore så kort. I møtet med desse dikta, eller skal vi seie dette lange diktet har vi kjent på den universelle gysande menneskelege erkjenninga, det som kan skje i møtet mellom tekst og individ når teksten leitar seg fram og finn omgåande feste.

Og det rare, ei mellommenneskeleg erkjenning, sjølv om temaet det blir skrive om, ikkje er noko dei fleste av oss kan direkte kjenne oss att i. Likevel snakkar det til oss. Fordi vi kjenner oss att i menneska forfatternar har møtt på vegen. Ein som las dikta, sa «Eg fekk ei merkeleg form for dårleg samvit slik at eg ikkje kunne legge boka frå meg før eg hadde lese alt. Eg sat att med forståing, innsikt og ei kjensle av skam».



**PRISVINNAR:** Brynjulf Jung Tjønn vaks opp på ein gard, men oppdaga tidleg at han heller ville skriva enn å halda på med gardsdrift. Foto: Margunn Sundfjord / NPK

Når **Hildegunn Eggen** skulle velje avskilsframsyninga etter nesten 38 år som fast tilsett på Trøndelag Teater, måtte det bli noko av Olav Duun. I *Juvikfolket* spelar Eggen like så godt alle dei 28 rollene sjølv.

# Éin skodespelar – 28 roller

ESPEN TØRSET  
espto@trondelagfylke.no

■ Vi møter Hildegunn Eggen i den vakre foajeen rett ved den gamle scenen på Trøndelag Teater i Trondheim. Ingen kan tru at dama straks er 70 år, der ho kjem i full fart etter dagens prøver. Spørsmålet om pensjonisttilveret har ho ikkje tenkt så mykje på.

– Det kjem no likevel det. Uansett. Men det blir fint, det er eg heilt sikker på, smiler ho og sett seg godt til rette i sofaen.

– Å bli pensjonist har eg eit veldig greitt forhold til. Sånn rullar no livet, og eg veit jo at dagen vil koma. Men det gjekk veldig fort likevel da! 38 år ja. Du store mi tid.

Denne våren, som har vore den siste som tilsett ved institusjonsteateret i trønderhovudstaden, har vore litt av ei triumfferd for Eggen. Avskilsframsyninga, *Juvikfolket*, har gått for fulle hus på den gamle scenen, og superlativane har vore mange, frå både publikum og kritikarar. Ja, ho er endatil nominert til Heddaprisen for prestasjonen på scenen. Eggen kan sjå tilbake på 38 rike år ved det største teateret i regionen.

## Med bil og tog frå Leksdal til Trondheim

Eggen byrja arbeide på Trøndelag Teater i 1985.

– Det har vore ein fantastisk arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø. Vi har vore ein stor, flott gjeng heile vegen. Sjølv om nokon går og nokon kjem, så har det vore supert, seier Eggen og smiler med både munnen og auga.

– Eg har fått vere med på store, fantastiske framsyningar. Eg har vore glad i arbeidet mitt heile tida.

For Eggen har det passa godt å arbeide på eit institusjonsteater som Trøndelag Teater.

– Du er jo på ein måte trygg. Eg har fått kjenne på å ha både eit godt arbeidsliv og eit godt familieliv. Eg har jo budd langt unna, veit du, så da har eg vore takknemleg for alle dei greie teatersjefane som har bidratt til

## Hildegunn Eggen

■ Fødd 27. juli 1953

■ Frå Verdal

■ Utdanning ved Statens Teaterhøgskole, 1978–81

■ Tilsett ved Trøndelag Teater sidan 1985

■ Har hatt sentrale roller i mange oppsettingar, av mellom anna Henrik Ibsen, Jon Fosse, Johan Falkberget og Olav Duun

■ Ho vart nominert til Heddaprisen for avskils-framsyninga *Juvikfolket* våren 2023.

at det har gått så godt praktisk som det har gjort.

– Det er jo ganske lang arbeidsveg frå Leksdal i Verdal til Trondheim, så eg har brukt nokre timar i bil og på tog!

Ein kunne ha ramsa opp alt det ho har vore med på, og snakka om mange store høgdepunkt, men det får bli ei anna soge. Likevel kjem ein ikkje unna innsatsen i heimbygda og opplevingane med Spelet om Heilag Olav, som har vore veldig viktig for Hildegunn Eggen. Ho var med for første gong som 15-16-åring, på slutten av 1960-åra. Ho har vore delaktig i Spelet i over 35 år, med unnatak av eitt år.

– Etter å ha spela gamlekona på garden, Grima, i tre år, var eg frivillig nokre år. Det kan eg gjerne finne på å gjere på nytt, seier ho. – Å vere med på spel er så artig!

På Trøndelag Teater er vi mange som hugsar Eggen for sterke og truverdige roller i gode oppsettingar. Ho har mellom anna fått spela mange legendariske roller i drama av den største teatermannen av dei alle, nemleg Henrik Ibsen. I 2012 vart ho nominert til Heddaprisen for rolla ho gjorde som Fru Helene Alving i *Gjengangere*. Vi er også mange som

hugsar prestasjonen hennar i *Når vi døde våkner* i 2014.

## Olav Duun og Juvikfolket

Ein annan menneskekjenner Eggen har eit sterkt forhold til, er namdalingen Olav Duun. Han var den forfattaren Eggen gjekk til når ho altså skulle sette opp ei avskilsframsyning. Ho har tidlegare spela rolla Tale i *Medmenneske to gongar*.

– Den andre gongen eg spela Tale kom eg mykje lengre med ho enn i den første oppsettinga i 1994. Eg trur den første gongen kjente eg mest på korleis ekteskapet med den vonde Didrik gjorde henne så hard og så bitter, at det ikkje var rom for den andre sida hennar. Tenk på den sorga ho måtte kjenne på over det ho hadde mista ... Denne sida av ho følte eg at eg klarte å finne fram den andre gongen eg spelte ho, i 2018. Kanskje har det med livserfaring å gjere?

På 1990-talet las Eggen inn seksbandsverket *Juvikfolke* på lydbok. Det er lydbøker som står seg særst godt også i dag. Kva er det så med denne Duun som set slikt spor i Hildegunn Eggen?

– Han appellerer så veldig til meg. Den trønderiske humoren, at det heile kan sjå som svartast ut, men samstundes den enorme kjærleiken han har til mennesket.

– Det er så mykje mørkt der, og samstundes så mykje herleg humor. Så synest eg Duun ser alle menneska med kjærleik. Han dømmer ingen!

– Tenk på *I blinda*, band to i *Juvikfolke*, som er historia om Anders og Solvi. Stakkars, stakkars Solvi, som har alle odds imot seg som samisk jente. Når folkesnakket tar til. Eg elsker denne delen av *Juvikfolke*, misforstå meg rett, det er jo på så mange måtar tragisk. Sjølv om det er kolsvart og gruvsamt, så er det skildra med så mykje hjartevarme. Og det at Anders blir lokka, han klarer ikkje å stå imot bygda... Ja, det er fantastisk litteratur, ikkje sant? Og berre det grepet med at det er først når Anders blir blind at han ser den uretten han har påført Solvi, ungen deira og andre folk i

bygda. Snakk om å kjenne konsekvensar på kroppen før han erkjenner kor dum han har vore. Nei, eg elsker Duun!

Engasjementet veks når vi snakkar om Duun og *Juvikfolke*. Sjølv om tida nærmar seg da ho må springe til sentralstasjonen for å rekke toget, held ho fram.

– Folket i juvikslekta er veldig talentfulle, veit du. Dei har jo evner, dei har ei omgangsform som blir lagt merke til, dei er rike og ressurssterke. Dei kan klare alt. Men så har dei jo dette i seg at det dei vil ha, tar dei med makt. Det er jo det eg føler heile verket handlar om. For det skjer eit skifte halvvegs. Dei treng ikkje å vere så harde etter at Odin dukkar opp. Det finst ein meir menneskeleg del av slekta som finn feste. Menneska har kome ein hønefot lenger fram med Odin Setran. Mennesket ser at det finst ein annan utveg framover enn å slå seg fram med makt, seier Eggen.

– Odin er jo prinsen og helten i forteljinga, seier Eggen, som også kan innrømme at ho til tider har vore irritert på han som er hovudperson i heile andre akt av framsyninga.

– Eg har vore kjempeirritert over at han ikkje kjempa meir for å få ho Astrid. Det er jo heilt gruvsamt å tenkje på!

– Men så er det jo ei historie som eg har arbeidd så mykje med, at eg blir litt blind for akkurat det.

Han er ein stor personlegdom og han er heldig. I staden for å få ein far, som dei fleste av oss, fekk han fem fedrar! Så han vart påverka av mange, kan ein seie. Han var kanskje mest heldig med at han fekk vekse opp i Kjelvika, hjå Bendek og Gurianna. Der fekk han ein uhilda barndom. Han mista noko, men han fekk også noko som ikkje andre fekk. Det gjorde at han vart i stand til å tenkje sjølv.

Alle som har lese *Juvifolke*, blir varm om hjartet når ein tenkjer på det som kanskje er den vakraste barndomsskildringa vi har i norsk litteratur.

– Det er så fint å få spele opninga av *I eventyre*, der sju år gamle Odin



**SCENESPRÅK:** – Som teatermenneske synest eg det er viktig å diskutere språk. Det er ikkje alltid det er mest hensiktsmessig å bruke dialekt. Sjølv elsker eg dialektane i Noreg, men det er ikkje bestandig det beste å bruke på scenen, meiner Hildegunn Eggen.

og mor Elen går den lange vegen til Kjelvika. Det er så mykje glede, kjærleik og overskot! Odin i seg sjølv har ein personlegdom med mykje overskot.

#### Ein skodespelar – 28 roller

I heile vår har Eggen vore inne i dette dramatiske eposet. Ikkje mindre enn 28 roller går ho gjennom i løpet av den tre timar lange framsyninga.

– Hehe, ja, det er jo klart, nokre av de 28 rollene har jo berre ei setning eller to. Men jo da, eg skal jo inn i karakterane deira og.

Band tre, *Storbryllopp*, er ein liten parentes i dette stykket.

– Eg synest jo *Storbryllopp* er ein fantastisk roman i seg sjølv, og eg skulle gjerne ha hatt med meir frå dette tredje bandet av verket. Men når vi skulle lage ei line, og for å få historia til å gå opp, så måtte vi

innom Peder og Andrea, foreldra til Astrid, for at historia skulle gå i hop.

#### Måtte bli Duun

Det var mange ting Eggen hadde tenkt på som avskilførestilling, men det viste seg vanskeleg å velje burt Duun.

– Det var Grethe Syed som spurte om eg ikkje skulle gjere noko med kvinnene i Duuns forfatterskap. I same samtale sa ho nesten tilfeldig, at i neste år, i 2023, er *Juvikfolke* 100 år. Da sa det klikk. Det kan eg fortelje. Eg kan fortelje *Juvikfolke*!

Tida gjekk fort, plutseleg var det berre eit år att. Da bestemte ho seg for å gjera det heile som ein monolog.

– Det var i mars i 2022 eg spurde teatersjefen og fekk klarsignal. Eg ville ha med Elisabeth Matheson som instruktør. Ho sa heldigvis ja. Det er

ho som klarte å finne den lina som gjorde at historia heng i hop. Sjølv om vi strauk og vi strauk mot slutten før premieren, klarte vi ikkje å gjere den kortare enn tre timar, ler ho.

#### Nynorsk og trøndersk

Språket i framsyninga av *Juvikfolket* er på nynorsk og trøndersk.

– Eg tenkte det var viktig å få med namdalsdialekta. Hjå Duun er det ein del ord som han har dikta sjølv. Vi gjorde om noko til slik dei snakkar på Jøa i dag, men nokre ord måtte få bli att. Eg har hatt språkkonsulent på namdalsdialekten, men eg reknar med dei som kjenner dialektane godt merker at verdalingen i meg skin gjennom her og der.

Eggen presiserer at sjølv om replikkane er på namdalsdialekt, var det viktig å fortelje sjølve historia på nynorsk.

“ **Eg har fått vere med på store, fantastiske framsyningar. Eg har vore glad i arbeidet mitt heile tida.**

– Ja, eg meiner det var viktig å fortelje historia på nynorsk, for da famnar ein litt fleire. Det er jo ikkje alle som skjønar alle dialektar like godt. Forhåpentlegvis har dei aller fleste vore innom nynorsk i løpet av livet.

Hildegunn Eggen har bestandig hatt eit godt forhold til nynorsk.

– Det var sidemålet mitt, eg gjekk på skolen på Verdalsøra, og der lærte vi bokmål. Men eg elska nynorsken på gymnaset. Dei beste stilane skreiv eg på nynorsk, seier ho og ler.

– Nynorsk er eit så vakkert, lyrisk språk. Ein favoritt av forfattarane som skriv i dag, er Edvard Hoem. Vidare er det mange omsetjarar som skriv så fantastisk fint på nynorsk.

I tillegg til å vere glad i nynorsk, er Eggen generelt glad i å også prate om språk.

– Som teatermenneske synest eg det er viktig å diskutere språk. Det er ikkje alltid det er mest hensiktsmessig å bruke dialekt. Sjølv elsker eg dialektane i Noreg, men det er ikkje bestandig det beste å bruke på scenen. Den diskusjonen er alltid verdt å ta.

#### Eit fantastisk liv

Det er 55 år sidan ho tok til med dei første prøvande stega som skodespelar. Det er nesten like lenge sidan det første besøket hennar på Trøndelag Teater. Små frø som vart sådd i ei ung jentes liv, og som etter kvart skulle bli til ein prisvinnande og folkekjær skodespelar som vaksen.

– Eg tenkte ikkje at det var mogleg å bli skodespelar da eg var med i Verdald teaterlag dei første åra, fortel ho.

– Som 17-åring spela eg Anne Frank, ei stor hovudrolle, og eg forstod ikkje at eg hadde talent. Det var først da ein av mine vennar i teaterlaget kom inn på teaterskolen, eg ante ikkje at han hadde søkt ein gong, at eg tenkte at det kunne vere ein moglegheit for meg. Da var det bestemt. Eg byrja å søke og kom inn etter tre år. Dermed var det gjort, og eg kjente at eg hadde kome på rett hylle. Eg har hatt eit fantastisk liv som skodespelar!

# KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Korthaldar  
kr 55.00



Kortstokk  
kr 75.00



Ostehøvel  
kr 250.00



Pennal  
kr 75.00



Smykke  
kr 600.00



Penn  
kr 10.00



Drikkeflaske (termos)  
kr 450.00



Erteposespel  
kr 990.00



Musematte  
kr 40.00

På nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod.  
Send ein e-post med tinging til [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no), ring til 23 00 29 35,  
eller gå inn på [www.nm.no/krambua](http://www.nm.no/krambua).  
Hugs at lokallaga får egne rabattar om de tingar på e-post.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

## MÅLLAGET INFORMERER

## MOMSKOMPENSASJON

Lokale mållag kan søkje om moms kompensasjon. På nettsidene er det lagt ut søknadsskjema. Om lokallaget sender inn skjemaet og signert rekneskap med årsmeldinga, har me alt me treng for vår samla momsrefusjonssøknad. Fristen er 1. august 2023. **OBS! Lag som ikkje er registrerte i Frivilligregisteret får søknaden avslått. Dette er ikkje det same som å vere registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra.**

## NYNORSK NÆRINGS LIVSPRIS

Kvart år deler Noregs Mållag ut Nynorsk næringslivspris. Det er ein eigen jury som utnemner vinnar av prisen. Me tek gjerne mot kandidatar til Nynorsk næringslivspris innan 30. september 2023. Send grunnjevne framlegg til [nm@nm.no](mailto:nm@nm.no)

## SAMLING FOR UNGE VAKSNE

Til hausten inviterer vi på ny til den populære samlinga for unge vaksne. Medlemmer frå 25 år til 40 år, i tillegg til sentralstyret i Norsk Målungdom er målgruppa. Det blir faglege innleiingar og sosialt opplegg, og målet er å få unge vaksne tillitsvalde til å møtast og bli aktive i Mållaget. Seminaret blir på skrivearstova i Oslo laurdag 23. september og søndag 24. september. Deltakaravgift: 1000 kroner. Den summen dekkjer du eller laget ditt. (Noregs Mållag dekkjer reise over 300 kr og mat). **Påmeldingsfrist er 1. september.** Det er avgrensa tal plassar på seminaret.

## SEMINAR FOR LOKALLAGSLEIARAR

Dette er eit seminar for nye lokallagsleiarar (i alle aldrar). Det er også aktuelt for nye styremedlemmer i lokallag og fylkeslag. Du treng heller ikkje vere heilt ny i rolla for å få veldig godt utbytte av seminaret. Dersom du er mellom 25 og 40 år, kan det vere aktuelt å vere med vidare inn i samlinga for unge vaksne som er på same stad frå laurdag til søndag. Middag fredag kveld vert saman med styret i Noregs Mållag.

Seminaret vert på skrivearstova i Oslo fredag 22. september og laurdag 23. september 2023. Deltakaravgift: 1000 kroner. Det er laget som dekkjer deltakaravgift medan Noregs Mållag dekkjer reise over 300 kr og mat. **Påmeldingsfrist er 1. september.** Det er avgrensa tal plassar på seminaret.



**TILBAKEBLIKK:** Stafettbilen utanfor «Slidredomen» med Per Henning Arntsen og Johanna Fuglesteg under nynorskstafetten i 2022.

## NYNORSKSTAFETTEN 2023

Som allveg siste ti åra skal Noregs Mållag og Norsk Målungdom på Nynorskstafett til hausten. Dette er det største tiltaket vi gjer mellom landsmøta og er ovviktig for heile røsla.

På stafetten har Norsk Målungdom vore på målferd, dvs. snakka med ungdomsskule- og vgs-elevar om kvifor velja / halda på nynorsk. Noregs Mållag har hatt møte og samtalar om vilkåra for nynorsk i skulen, barnehagen og elles i lokalsamfunna. Gjennom dette arbeidet blir mange meir medvitne om kva nynorskbrukarane treng, og vi får mykje kunnskap om korleis det står til og kvar skoen trykkjer på dei ulike felta. Vi blestar også tiltak frå nærskylde som kan gjera det lettare å vera nynorsk skule eller -kommune. Det gjeld særleg Nynorsksenteret, Landsmanslutninga av nynorsk kommunar (LNK), Nynorsk kultursentrum og Norsk Barneblad.

I år blir desse nærskylde med på stafetten. Det opnar for større sjansar for at kommunane set i verk tiltak som varer over tid. Tiltak som styrkjer kommunar som nynorsk kommunar og tiltak som styrkje vilkåra for nynorsk i skulane og barnehage. Nytt i år er også at stafetten skal til kommunar der det ikkje er nynorskelevar. Reiseruta er Vågå, Sel, bae fron-kommunane, Lom, Skjåk, Lesja, Dovre, Rennebu, Melhus, Skaun, Aure, Sunndal, Surnadal, Aukra og Hustadvika. Tidspunktet er frå 23. oktober til 10. november.

## Tilsette:

**Gro Morken Endresen,**  
dagleg leiar,  
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,  
[gro.morken@nm.no](mailto:gro.morken@nm.no)

**Erik Grov,** organisasjonsrådgjevar,  
tlf. 23 00 29 30, [erik.grov@nm.no](mailto:erik.grov@nm.no)

**Per Henning Arntsen,** økonomirådgjevar,  
tlf. 23 00 29 35, [per.arntsen@nm.no](mailto:per.arntsen@nm.no)

**Ingar Arnøy,** skulemålsskrivar,  
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,  
[ingar.arnoy@nm.no](mailto:ingar.arnoy@nm.no)

**Hege Lothe,** informasjons-  
og organisasjonsrådgjevar,  
tlf. 92 64 83 48, [hege.lothe@nm.no](mailto:hege.lothe@nm.no)

**Vemund Norekvål Knudsen,**  
redaktør og rådgjevar,  
tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99  
[vemund.knudsen@nm.no](mailto:vemund.knudsen@nm.no)

**Frida Pernille Mikkelsen,**  
politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,  
tlf. 23 00 29 34 • 48 24 87 47  
[frida.mikkelsen@nm.no](mailto:frida.mikkelsen@nm.no)

NORSK MÅLUNGDOM  
malungdom.no

**Leiar:** Tobias Christensen Eikeland,  
Telefon: 94 89 49 69,  
E-post: [tobias@malungdom.no](mailto:tobias@malungdom.no)

**Skrivar:** Jógvan Helge Gardar  
E-post: [jogvan@malungdom.no](mailto:jogvan@malungdom.no)  
Telefon: 95 07 88 18

**Kontormedarbeidar:**  
Olav Wixøe Sveta  
E-post: [kontor@malungdom.no](mailto:kontor@malungdom.no)

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 Oslo  
Telefon: 97 34 28 64  
E-post: [norsk@malungdom.no](mailto:norsk@malungdom.no)

**Kontonr.:** 3450.65.48707

NOREGS MÅLLAG  
nm.no

**Tilskrift:**  
Lilletorget 1,  
0184 OSLO

**Telefon:** 23 00 29 30  
**E-post:** [nm@nm.no](mailto:nm@nm.no)

**Kontoradresse:**  
Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Kontonr.:** 3480.13.83582

**Leiar:** Peder Lofnes Hauge  
95 12 26 89 / [peder.hauge@nm.no](mailto:peder.hauge@nm.no)

**Nestleiar:** Synnøve Marie Sætre  
92 69 53 30 / [synnove.setre@nm.no](mailto:synnove.setre@nm.no)

3 ■ 2023  
Norsk Tidend  
Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai

Prent: Amedia Trykk  
Opplag: 14 700  
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonsar:  
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm  
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm  
Spaltebreidd: 45 mm  
Kvartside: kr 3 000,-  
Halvsida: kr 5 000,-  
Heilsida: kr 9 000,-  
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 4, 2023:  
4. september

– Så kjær er nynorsken for meg. Eg kallar nynorsken min nest største kjærleik. Nest størst altså, så ikkje mannen min blir sur.

Anna Brandal til Avisa Nordland

Berøring livsfarlig! Saa skulde opslaget lyde. Men det var jo rikksmaal! Det gik da ikke an [...] Man maatte oversætte opslaget til sit eget sprog, til landsmaal. [...] Men ingen visste, hvad «berøring livsfarlig!» heter paa landsmaal. Ikke engang lærerne. Og efter megen snak frem og tilbage besluttet man at henvende sig til en av de lærde herrer i Kristiania [...] Svaret lød, at «berøring livsfarlig» paa landsmaal maa hete attkome livhætt. Disse ord er sandsynligvis laget i det lærde studerkammer. Det er utvilsomt laget efter videnskabens beste metoder. Der er bare det at bemerke, at ingen mennesker forstaar det.

**Nordre Trondhjems Amtstidende, 1923**

Det interesserer ikke en Trøndergut, at der er landsdel, hvor en jente heter drosi. Det er ikke ordene, men begrepen, han føler trang til å utvide. Derfor maa mangen en bondeungdom i al stilhet maatte indrømme, at vel indeholder rikksmaalet en del fremmedord, men landsmaal, det indeholder mange flere.

**Johan Boyer, Søndhordlands Tidende, 1923**

3 av foredrag i var paa landsmaal, 3 paa rikksmaal, 3 paa dialekt og 1 blandingsmaal

**Fjordbladet, 1923**

Ved Søndmør infanteriregiment har iaar 298 rekrutter valgt «Norsk Soldatbok» paa rikksmaal, mens 200 har valgt den paa landsmaal.

Det har tidligere aar været valgt omtrent like mange av begge utgaver. Det er saaledes tilbakegang for landsmaal iaar.

**Lofotposten, 1923**

## på tampen



## Pass deg for purken!

■ Når det kjem til slang er eg ein slags språkleg Espen Askeladd, eg plukkar opp det eg finn og nyttar det når eg vil. Sia eg vaks opp på bibelbeltet (nb. eg kjem frå ein hindufamilie, men mor mi var au streng) blei det berre styr om me banna for stygt. Så me starta å seia pokker og søren ironisk, til det festa seg i språket vårt og me sa det på ordentleg etter kvart. Me byrja på vidaregåande skule i Flekkefjord og blei kjend med Søren Marius og slutta å seia Søren, sia det blei dumt å banna eit menneske. Pokker derimot, fylgde oss inn i tjuåra og til Oslo.

■ Austlandet var ein *gamechanger* når det kom til slang, brått hengde me eit ass bakpå annankvar setning og nytta langt fleire engelske låneord. Det er i Oslo tantungane mine veks opp, nærare bestemt i Groruddalen. Dei vekslar mellom oslosken dei snakkar med vennane sine, og den til oss vaksne, kodevekslar utan å bli spurt om det. Ikkje berre landsdel og urbanitet skil språket deira frå mitt, men au generasjon. Tradisjonelt har millenials nytta bannordet *føkk*, fornorskinga av det engelske *fuck*. Seier du *føkk* i dag avslører du deg som gamal, uansett kor mykje botox du stappar fjeset ditt med. I dag seier ungdommen *fakk*, framleis med fornorsking av c, men der me bytta vokalen med eit ø, held dei på aen.

■ No når eg omset *The City We Became* av N.K. Jemisin, ser eg tydeleg korleis språket vårt speglar røynda me lever i. Noreg er eit særst trygt land, og fram til 22. juli hadde dei fleste av oss eit greitt bilete av politiet. Politiet verna oss, tok passbilete og gav fartsbøter, dei var ikkje fienden vår for me var på lag. Slik er det diverre ikkje i USA. For urfolk, svarte og andre minoritetar er politiet livsfarlege. Ein risikerer å bli skote, slege i hel og trakassert er ein berre på feil plass med feil politi. Politikutdanninga i Noreg er treårig, i USA kan ein

bli politi på tre månader. Politiet er ikkje ein del av laget i USA, men ein instans ein skal frykta og passa seg for.

■ Ei av dei fyrste forteljarrøystene me møter i *The City We Became* er ein tjuåring gamal gut, med slangen som fylgjer. Heldigvis er ein av tantungane mine tjuåring gamal. Noko av det eg grublar på når eg omsett ei amerikansk bok til nynorsk, er fæks ordet *cop*. For amerikanarar nyttar i hovudsak slangforma *cop* i dagleg tale, medan den faktiske nemninga *police* sjeldan blir brukt. På Moi budde ein av lensmannane i same byggefelt som meg, han var triveleg, oppteken av refleks, og råda oss til å springa vekk såg me nokon med kniv, det hadde han sjølv gjort og han var politi. Å nytta andre termar enn politi ligg milevis unna språket mitt.

■ Så eg testa orda eg googla meg fram, til på tjuåringen. *Bauers* hadde ho høyrd folk seia, men nytta det aldri sjølv. *Snuten* hadde ho ikkje høyrd om ein gong, men ho lo med heile magen då eg føreslo *purk*. Låtten var rå, dømmende. Dei fleste vennane hennar seier *politi* eller *polti*.

■ Eg har ein teori på ein av årsakene til at sleng på politi aldri har fått ordentleg feste i Noreg, nemleg av di det i botn er ein vanleg jobb her. Yrket seier nødvendigvis ikkje så mykje om personen du møter utover at dei som regel ikkje weeder på fest. Ein blir jo engsteleg når ein høyrer om Kongsberg og liknande saker, men me får håpa at politiet grip fatt i det som skjer.

■ På enden hamna eg på *polti*, ikkje heilt politi, men noko som er veldig vanleg å kalla politiet for uansett sosial tilhørsle, spesielt på austlandet. Purken treng me ikkje å passa oss for med det fyrste.